

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



ORDBOKA FERDIG > 6-7

– Heile verket hadde ikkje vorte mykje av utan alle dei frivillige medarbeidarane i bygd og by, skriv **Olaf Almenningen**.

NÆRE VENER > 14-15

– Det er interessant å sjå korleis desse sterke venskapane styrkte den kunstnarlege personlegdomen, seier **Jan Olav Gatland**.

SEL BETRE > 12-13

– Du får meir tyngd og truverde når du sel desse produkta på nynorsk, seier **Maria Liv Gjerstad** i Sylvsmidja.

Kraftig overtramp

Motstandarane trudde at det skulle vera råd å stoppa bygginga av luftlinja langs Hardangerfjorden. Men få ville høyra på dei.

– Vi opplevde at nokon kom og tok seg til rette, seier Halldis Folkedal, som var med i fleire aksjonar mot anleggsarbeidet.

> 16-19



Herad-ombot

» Det er ikkje godt å spå om kor mange kommunar som kjem til å slå seg saman. Fleire mållag har arbeidd godt for å få spørsmålet om språk inn i ordskifta om eventuelle nye storkommunar. Det har i det minste sett nynorsk på den kommunale dagsordenen.

» Men for nokre kommunar er språk eit endå viktigare spørsmål. Det er fire kommunar rundt Hardangerfjorden som nyttar nemninga herad; Granvin, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Det kan ikkje vere nokon tvil om at det er betre og historisk rettare. Før førre reform fanst det fleire. Men til liks med nynorsken, mista nemninga herad mange fotfeste. Nokre er heldigvis att. Fjorden er eitt, områda rundt Notodden eit anna; Krødsherad, Sauherad, Gransherad og Lisleherad. Krødsherad heiter Krødsherad kommune, som strengt tatt er smør på flesk. Det fanst tidlegare ein kommune i Vest-Agder som berre heitte Herad. Det vart igjen litt upresist.

» No kan det gå mot samanslåingar i Hardangerfjorden også. Spørsmålet er kva nemning ein då skal nytte på administrasjonsområdet. Eit fyrste steg på vegn må vere å snakke om heradsreform.

» Haken er sjølv sagt at reform heller ikkje er noko godt ord. Då er brigde betre. Eller ombot. «Den store heradombota 2016».

Litt meir schwung over det.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve
kjartan.helleve@nm.no,
23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Nynorskbyen Be

EG VAR PÅ MITT ALLE FYRSTE landsmøte i Bergen i 2000. I strålende sumarsol rett ved Bryggen vart eg kjend med organisasjonen som eg no har leid i tre år. I 2000 var det 54 år sidan sist Noregs Mållag hadde landsmøte i Bergen. 15. april fyller me Terminus hall i Bergen med målfolk for det som kjem til å verta det fjerde bergenslandsmøtet i soga åt Noregs Mållag. Fram til no har me hatt landsmøte fleire gonger i Trondheim enn i Bergen.

Det er ikkje tilfeldig at me legg landsmøtet vårt til Bergen i år. Det var eit sterkt ønske frå styret å kunna samla organisasjonen i byen der det har skjedd så mykje bra for nynorsk dei siste åra. Det er mange i Bergen som har eit hjarte som bankar for nynorsk, og både i soga og i samtidia skil Bergen seg frå andre storbyar i Noreg med sitt tilhøve til nynorsk.

I MAI 2015 KOM NOK EIT DØME på at Bergen ikkje er som andre storbyar. Jacob Mæhle frå Høgre hadde føreslege at bystyret skulle innføra valfritt sidemål på vidaregåande som eit forsøk i Bergen, etter mal frå det store sidemålsforsøket i Oslo. Nett det same har unge Høgre sine representantar føreslege i alle større byar i Noreg. Men i Bergen var svaret frå ein samla opposisjon å innføra meir sidemål i grunnskulen gjennom tidleg start med sidemål frå 3. klasse. Etter valet i haust var det denne opposisjonen som tok over makta i byen. I januar kom nynorsk opp på ny i bystyret. No gjennom



MARIT AAKRE TENNØ
Leiar i Noregs Mållag

ein interpellasjon om rettane til nynorskelever i mindretal i ungdomsskulen. Saka kom opp etter ei stygg sak på Storetveit ungdomskule der ei handfull nynorskelever vart spreidde på fleire klasser og har mætta kjempa for alle rettane dei har, utan at skulen har løfta ein finger. No har bystyret vedteke retningslinjer for korleis skulane skal ta imot desse elevane, og ikkje minst skrive at så langt som råd, bør dei få gå i same klasse. Desse to sakene er grunn god til at Bergen sigla opp som ein favoritt i styret når me skulle avgjera staden for eit nytt landsmøte.

NÅR BT ETTER BYSTYREMØTET i januar på leiarplass skriv at: «Hele byen bør omfavne byrådets arbeid for å styrke nynorsk», er det eit teikn på at Bergen vil verta ein vestlandshovudstad, og BT ser at språkspørsmålet er ei av konfliktslinene i tilhøvet mellom byen og omlandet. For BT skriv: «Vestlandets største by skal være samlende for hele regionen, og bærer et stort ansvar for å ivareta ny-

– Hen? Vi har to kjønn på norsk – enkelt og greit. Språkrådet har jo tidligere rynket på nesen av om spørsmålet om vi ‘trenger’ dette tullet.

Nicolai Haugli på Facebook til Språkrådet

– Bruken av «hen» i denne sammenheng er gjort av respekt for prisvineren, og er ikke ment som et innlegg i debatten om pronomenet. Kristin Fridtun foretrekker å bli omtalt som hen. Vi har for øvrig tre grammatiske kjønn i norsk.

Språkrådet svarar

– Eg høyrer berre på nynorskmusikk fra randsonene.

Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag

– Som student veksla eg eit par gonger mellom hovudmål og sidemål. Men ho eg seinare vart gift med lærde meg ei klok lekse: – Det er når du skriv nynorsk at eg synest eg hører stemmen din!

Bernt Gudrunson Bøe i Tidens Krav

– Beat har ein tilsvarende utfordringsposisjon blant strømmeleverandørane, og menneska som står bak blir drivne av ekte kjærleik for den gode musikken. I tillegg kan eg få velja å få Beat-menyan på nynorsk.

DJ Friendly aka Erik Eriksson (48) i Strilen

– Statkraft skal byggja vindmøller for 11 milliardar kroner på Fosen. Rekninga til norske kattebetalarar blir mykje høgare.

Framsida på Dag og Tid

– Det er EG som er Oddamodellen
Raudt Hordaland om Terje Kollbotn i ein promotoringsvideo

– Denne saken er saken er skrevet av ein journalist i vår samarbeidsavis Stavanger Aftenblad med nynorsk som skriftspråk. Derfor følger den ikke Aftenpostens språknorm.

Aftenposten orsakar seg

– Fikk kritisk spørsmål om målformen. Da forlot Ronaldo pressekonferansen.

Aftenposten om at fotballspelaren Ronaldo ikkje skårar mål

– Nasjonalt hipstermuseum kjem berre nokre få spark med sparkesykkelen frå heimegarden til Aasmund Olavsson Vinje

framtida.no sin aprilsnarr

– Bygda er den nye hipsterbyen

framtida.no

– Då eg studerte i Volda, oppdaga eg at nynorsk ikkje var eit kunstig språk, men eit høgst levande bruksmål. Det gjorde at eg sjølv òg starta å skrive nynorsk. Då eg så tok til å jobbe i Ålesund, var det ei veninne som sa til meg at «No, Mariann, kan du slutte med den nynorsken.» Men då hadde nynorsken blitt ein del av meg, og eg bestemte meg for å halde på han.

Mariann Schjøide, nyleg attvald leiar for Norsk Bibliotekforening

rgen

norsken. Det ser byrådet ut til å ta på alvor. Den nye flertallskoalisjonen, bestående av Arbeiderpartiet, KrF og Venstre, har i flere vedtak vist at Bergen kan føre en offensiv språkpolitikk. Det forplikter dem til videre arbeid, men er også et sterkt signal til hele byen. Det krever mer enn politiske vedtak å gjøre Bergen til nynorsk-hovedstad».

I 2014 RISTA DET GODT i grunnmuren til Den Nationale Scene då Jon Fosse kritiserte dei for berre å setja opp bokmålsstykke. Orsakingane frå teatersjefen var dårlege og vitna om eit forelda språksyn: Dei ville bruka nynorsk der det var «naturleg». Då skreiv eg ein kronikk i BT om at Bergen ikkje var min hovudstad. Men no trur eg jammen eg er på glid.

Det ser ikkje ut til å ha blitt så mykje betre på teateret, men nett no går i alle fall Tonje Glimmerdal på scena der. Den Nationale Scene får no også konkurranse frå eit nynorskteater i sentrum, når Hordaland teater flyttar til byen.

EG ER PÅ GLID MOT BERGEN, og det er sjølv sagt ei sanning i det BT skriv at det krevst meir enn politiske vedtak for å gjera Bergen til nynorsk-hovudstaden. Men nokre gonger kjem ein langt med berre å gjennomføra politiske vedtak. Som når Haukeland la heilt om og vart eit sjukehus administrert og skilta på nynorsk. Vert du sjuk i Bergen, får du ein dose nynorsk saman med dei andre medisinane. Eller Hordaland når politidistriktet sende alle på kurs fordi dei fekk

pålegg om å tvitra på nynorsk. Til liks med dei to nærmeste fylka i nord så er Bergen ein fylkeshovudstad som må ta nynorsken på alvor.

DET ER SJØLVSAGT SKJER I SJØEN. Me har ikkje vorte heilt vener. Med skulebruksplanen til kommunen vil to av dei attverande reine nynorsk-skulan verta lagde ned. Det står òg att å sjå kor mykje godvilje dei ulike foreldregruppene som arbeider for nynorsk-klasser på fire ulike skular i Bergen, møter når det kjem til stykket. For sjølv om politiske vedtak ikkje er nok, kjem ein langt med politisk vilje og ikkje minst politisk innsikt i språkspørsmålet. Det Bergen treng, er ein heilskapleg språkpolitikk med mål om å støtta språkskiftet i ungdomsskulen i byen, auka talet på nynorskevar på nynorsk-skulan og leggia til rette for fleire nynorskklasser i heile byen.

“ Både i soga og i samtida skil Bergen seg frå andre storbyar i Noreg med sitt tilhøve til nynorsken.

Samlaget samlar litteraturhistoria

I samband med 150-årsjubileet til Det Norske Samlaget gjev forlaget ut nynorsk litteraturhistorie i 2018.

Nynorsk litteraturhistorie skal framstille den nynorske litteraturen frå Ivar Aasen og opp til samtidene som ei samanhengande forteljing.

Forfattar og professor Jan Inge Sørbo er hyra inn til oppdraget. Han jobbar til dagleg ved Høgskulen i Volda og er professor i litteratur og sosialfag. Sørbo har mellom anna skrive biografiar om Arne Garborg og Hans Skjervheim, men også *Fra gamle fjell til magma*, om den nynorske lyrikken.

– Litteraturen er nynorskens gave

til verda. Her blir heile breidda i språket teken i bruk, og nynorsk litteratur spenner også frå det grovt folkelege til det nderlege vakre og det høgstemde, seier Sørbo i ei pressemelding.

Forlagsdirektør i Samlaget Edmund Austigard seier at den nynorske litteraturen har løfta fram erfaringar nedanfrå gjennom røynsler og røyster som har utfordra hegemoniet og truleg gitt ei meir mangfaldig og demokratisk allmente.

– Ei slik historie vil gje nye inngangar til å forstå utviklinga av den rike nynorske litteraturen, men også norsk litteratur, seier Austigard. (NPK)

Prøveordning utsett i Buskerud

Buskerud fylkeskommune seier nei til ei planlagd prøveordning med valfritt sidemål grunna kostnader knytte til prosjektet.

Prøveordninga som hadde gjort skriftleg sidemål til valfag, blir derfor

likevel ikkje gjennomført neste skuleår, skriv Ringerikes Blad.

Ringerike videregående skole og Drammen videregående skole var tekne ut til å teste ordninga. (NPK)

Noregs Mållag arbeider for å fremja nynorsken og dialekta. Vi har i dag drygt 12 000 medlemmer i 19 fylkesmållag og 160 lokallag over heile landet, eit styre på sju medlemer, landsmøtevald leiar og landsmøte annakvart år. Hordaland Mållag er det største fylkesmållaget og inkluderer 24 lokallag med om lag 3000 medlemmer. Bergen Mållag har om lag 500 medlemmer.

Prosjektmedarbeidar 50-100 %

Hordaland og Bergen Mållag i samarbeid med Noregs Mållag søker prosjektmedarbeidar (6-12 mnd i 50-100 %)

Oppgåvene er i hovudsak å:

- fremja nynorsk frå barnehage til høgare utdanning i Bergen og Hordaland som viktigaste oppgåve

I tillegg:

- mediearbeid for nynorsk, både tradisjonelle og nye medium
- møteverksemd for nynorsk, t.d. med kommunar, institusjonar og mållag (både oppattstart av tidlegare mållag og skiping av nye)
- utgreiingsarbeid for nynorsk i samråd med dei tre oppdragsgjevarane

Kontorstad er Bergen og arbeidsoppgåvene er lokaliserte innanfor Hordaland fylke. Medarbeidaren tek til i stillinga seinast frå 1.8. 2016. Løn etter nærmere avtale.

Om stillinga:

Du bør ha utdanning på høgskule- eller universitetsnivå og røynsle frå organisasjonsarbeid. Stillinga krev evne til sjølvstendig arbeid, og kan føra med seg noko reising. Stillinga ligg under Hordaland og Bergen Mållag, og prosjektmedarbeidaren rapporterer til dei laga. Mållaget har tariffavtale gjennom Virke/NTL og har pensjonsordning for dei tilsette.

Søknad med kopi av attestar og vitnemål må sendast til Noregs Mållag, Lilleitorget 1, Sentrum, 0184 Oslo, eller på e-post til gro.morken@nm.no.

Søknadsfrist innan 6. mai 2016

Astrid Olsen, leiar i Hordaland Mållag (98869058), og Bjørg Eli Eide, leiar i Bergen Mållag (99235941) kan gje nærmare informasjon.



Magne Aasbrenn er innstilt som ny leiari i Noregs Mållag

Magne Aasbrenn (60) er frå Fredrikstad og er i dag lektor ved Frederik II videregående skole. Han blir den fyrste leiaren i Noregs Mållag frå Østfold.

– Det er viktig at kommune-reforma ikkje skal gå utover nynorsk. Og vi må halde fram arbeidet med å sikre nynorsken i randsonene våre. Fram mot stortingsvalet i 2017 må vi arbeide politisk for at sidemålsordninga skal ligge fast, seier Magne Aasbrenn.

– Eg kjem frå Østfold, og frå min ståstad er det eit mål at det skal bli heilt vanleg og normalt for folk på Austlandet å skrive nynorsk, at ikkje dei skal bli utsette for press om å tilpasse seg til bokmål. Det gjeld både innfødde og nytiflytta, seier Magne Aasbrenn.

Han ser mange positive teikn for nynorsk.

– Vi kan notere oss at dei einaste Oslo-avisene som hadde opplagsauke i fjor, er Klassekam-

pen og Dag og Tid. Den eine avisa slepp til nynorsk og den andre avisa er skriven på berre nynorsk, seier Magne Aasbrenn.

ØSTFOLDDIALEKTN Magne Aasbrenn har ei lang forhistorie som forkjempar for østfolddialekten.

– At eg no er blitt beden om å bli leiari i Noregs Mållag, ser eg som ein god skulderklapp for at østfolddialekten er ein naturleg medlem i dialektfamilien i Noregs Mållag, smiler Magne Aasbrenn.

Magne Aasbrenn var aktiv medspelar då Fredrikstad Blad gav ut ei heil avis berre på fredrikstad-dialekt i høve Språkåret 2013.

– Seinare same året, på bursdagen til Ivar Aasen 5. august, kom Bergens Tidende med ei avis skriven berre på nynorsk. Det syner at østfoldingane også kan vere med å gje hjelpe til nynorsk i Bergen og på Vestlandet, seier Magne Aasbrenn.

Magne Aasbrenn byrja å skrive nynorsk i 1991. Han og klassa hans hadde fått vitjing frå Norsk Målungsdom, og det enda med at Magne Aasbrenn gjekk over til skrive nynorsk etter vitjinga. Han har vore leiari i Østfold Mållag sidan 2002 og debuterte med romanen *Bunna ben* på fredrikstaddialekt på Aschehoug

Flora byrjar med nynorskopplæring

– Det er veldig gledeleg at Flora kommune no går over til nynorsk opplæring, seier Marit Aakre Tønno, leiar i Noregs Mållag. **Innvandrarsenteret i Flora** er eit av dei største sentera i Sogn og Fjordane. Dei gjev tilbod til om lag 180 vaksne elevar i norsk.

Dermed aukar det med kommunar som tilbyr nynorskopplæring til vaksne innvandrarar. På Innvandrarsenteret vert det ein gradvis overgang til nynorsk opplæring. Etter at fleire mindreårige flyktningar har vore elevar på ungdomsskulen der undervisninga er på nynorsk, har det kome fram sterke ønske frå foreldra om at det også skal vera nynorsktilbod på Innvandrarsenteret. Flora kommune har tidlegare hatt eit sterkt innslag med bokmål i sentrumsskulen, men i dag er det heile 1532 nynorskelevar mot 77 bokmåselevar i Flora. Når Flora no går over til nynorskopplæring, er det berre

tre kommunar att i Sogn og Fjordane som berre tilbyr bokmåloplæring. Det gjeld Bremanger, Vågsøy og Selje.

Bergen Mållag vil ha nynorsk inn i skulebruksplanen

Årsmøtet i Bergen Mållag rosa byrådet for å gje nynorsk ein sentral plass i den politiske plattforma si. Men i ei fråsegn som vart vedteken, vart det understreka at nynorsk også må inn i sentrale styringsdokument. «Elevar med nynorsk som hovedmål må få behova sine ivaretakne på alle klassesteg, inkludert ungdomsskulen. Årsmøtet ber om at nynorsk språk og kultur får ein tydeleg plass i den endelege behandlinga av skulebruksplanen. Konkret vil dette m.a. innebera at skulane Riple og Haugland ikkje vert lagde ned.»

Samstundes var årsmøtet uroa for at språk ikkje har vore ein del av ordskifta om moglege samanslåingar av kommunar og



Innstilt som leiar: – At eg no er blitt beden om å bli leiar i Noregs Mållag, ser eg som ein god skulderklapp for at østfolddialekten er ein naturleg medlem i dialekt-familien i Noregs Mållag, seier Magne Aasbrenn. Foto: Hege Lothe

i 1978. I 1990 gav han ut Hjelpebok i nynorsk for østfoldingar.

JENS KIHL NY NESTLEIAR Framlegg frå valnemnda til ny nestleiar er Jens Kihl (29) frå Oslo og politisk journalist i Klassekampen. For mange er han eit kjent namn. Han har tidlegare vore leiar i Norsk Mål-

ungdom og nestleiar i Noregs Mållag. Framlegget til resten av styret ser slik ut: Inger Vederhus (62) oppvaksen i Flora og bur i Bærum, førstelektor i norsk ved grunnskulelærarutdanninga, Høgskolen i Oslo og Akershus. Inger Johanne Sæterbak (34) oppvaksen i Orkanger og bur i Oslo, kommunikasjonsrådgjevar hjå Norges

Bondelag, Peder Lofnes Hauge (27) oppvaksen på Sandane i Gloppe og bur i Bergen, politisk rådgjevar for sosialbyråd for Venstre i Bergen. Ingrid Fiskaa (38) oppvaksen og bur på Bryne, lektor ved Sandnes vgs.

Varafolk: 1. vara: Haakon Aase (66), Meland, 2. vara: Randi Lohndal Frestad (68), Lista, 3. vara: Birgitta

Lim Ersland (26), Oslo og 4. vara Øyvind Fenne (64), Fræna.

Det er landsmøtet i Noregs Mållag fredag 15. april til sundag 17. april 2016 på Grand Hotel Terminus i Bergen som vel ny leiar og nytt styre for den neste toårsperioden.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

høgskular på Vestlandet. «Det er etter vår vurdering oppsiktsekkjande at denne viktige språk- og kulturfakten ikkje har vore med i grunnlagsmaterialet for dei to reformene. Årsmøtet ber om at dette vert retta opp når samanslåingane skal gjennomførast. Dette inneber at det må leggjast konkrete planar for bruk og styrking av nynorsk på alle plan.»

Flyktningar fortel om å vera ny i Noreg

Under leiing av forfattar **Erna Osland** har flyktningar frå fleire land skrive si eiga bok. Gjennom korte tekstar i *Det nye landet* får lesarane høyra om korleis det er å vera ny i Noreg.

På Førde bibliotek har flyktningar frå land som Eritrea, Iran, Libanon, Somalia, Sudan og Syria møttest for å utveksla kulturopplevingar, fortel forlaget Skald i ei pressemelding. Mota har mellom anna munna ut i boka *Det nye landet*, som forlaget gir ut i samarbeid med Førde bibliotek og med støtte frå Nasjonalbiblioteket.

Boka er eit resultat av eit prosjekt i regi av Førde bibliotek kalla Mangfold i Nynorskens skog. Marie Dombestein har vore leiar for dette prosjektet og er



Erna Osland

redaktør for boka. Forfattar Erna Osland har på si side leidd skrivearbeidet.

– Biblioteket syner med denne boka at dei går inn i ein ny tid der vi alle er brukarar av biblioteket, same når vi kom til landet, og same kor røynde lesarar vi er. Ho er ei oppmuntring til dei som strevar med å læra seg norsk, og ei handsrekking for dei som skal læra bort norsk til dei nye som kjem, seier Erna Osland. (NPK)

Skal kåra beste Bowie-låt på nynorsk

Under festivalen **Bygdalarm i Øystese** skal det tevla i beste Bowie-gjendiktning. Litteraturarrangementet LittLarm, som går føre seg under festivalen, sparkar i gang ein konkurranse der dei inviterer lek-

mann og lærde over heile landet til å skriva den beste gjendiktinga av fem utvalde David Bowie-låtar. Teksten må vera nynorskbasert eller på dialekt. Det som er mest viktig, er å fanga opp stemninga og bodskapen i teksten, og ein må gjerne tilpassa han til norsk samtid, skriv arrangørane.

David Bowie (1947–2016) er ein bauta innanfor rock- og pophistoria. Musikken hans kjenneteiknar sjangerleik, grensetøyning og nyskapning, medan tekstane hans har kome meir i bakgrunnen. Tidlegare artistar som har fått gjendikta tekstane sine i samband med festivalen, er Robert Johnson, Joni Mitchell og Patti Smith – og no har altså turen kome til David Bowie.

Space Oddity, The Man who Sold the World, Life on Mars, Ashes to Ashes og China Girl er Bowie-låtane ein kan prøva seg på. Brageprisvinnar og Bowie-fan **Ruth Lillegraven** er juryleiar. Juryen er elles sett saman av forfattarar, musikarar og representantar frå arrangøren, som kjem til å kåra ein eller to vinnrar.

Arrangementet LittLarm vert avvikla på Kunsthøst Kabuso i Øystese i juli, og beste gjendiktning blir framført



Ruth Lillegraven

av husbandet. I tillegg til heider og ære får vinnaren eit dagspass til Bygdalarm. (NPK)

Heider til eldsjelene og kvardagsspråket

Det var eldsjelene spesielt og bidragsytarane generelt som fekk den største applausen under den høgtidlege lanseringa av Norsk Ordbok onsdag.

– Sekstiseks år har gått sidan første heftet i Norsk ordbok blei lansert. Vi ser no tilbake på kanskje Noregs største dugnadsarbeid, sa Ole Petter Ottersen, rektor ved Universitetet i Oslo i opningstalen under markeringa og lanseringa av det tolvte bindet og heile verket Norsk Ordbok i Universitetsaulaen i hovudstaden onsdag.

STOPPAR ALDRI OPP Også leieren av Stortingets kyrkje-, utdannings- og forskingskomite, Svein Harberg, heidra spesielt dei som har hatt tolmodet til å drive dette store prosjektet fram til og med siste bind.

Trass i lansering og ferdigstilling, Norsk ordbok stoppar likevel ikkje opp, ifølgje Harberg.

– Dei som imponerer meg aller mest av dei eg møter i mitt politiske arbeid, er dei som ikkje gir opp i arbeidet sitt og det dei trur på, men som står på vidare. Det er i dag tid for å gi store overskrifter og store

ord til dei som har bidratt til å få dette prosjektet i mål, sa han.

– Eg vil gi honnør til Universitetet i Oslo, som har tatt arbeidet fram til dette punktet – eldsjelene og dei som skal ta dette vidare, sa Harberg vidare i gratulasjonstalen sin. Og han gratulerte også Universitetet i Bergen, som no tar over ansvaret for språksamlingane og Norsk ordbok.

– Men arbeidet med Norsk ordbok stoppar ikkje opp, sa han avslutningsvis.

Med det minte han forsamlinga på at det norske språket utviklar seg kvar dag, og at dei yngre generasjonane allereie brukar nye ord som foreldra ikkje kan. Han avslutta talen med eit spørsmål til salen: Kven skal dokumentere kvardags-språket som blir til i dag?

TETT PROGRAM Linda Eide losa forsamlinga gjennom det tette programmet onsdag. Mellom programpostane var til dømes forfattar Marit Eikemos festtale for det tolvte bindet. Marianne Aasen, medlem av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget snakka om munnhellet «det er berre ord» og at ord ikkje berre er ord.

Språkdirektør og tidlegare leiar for Norsk ordbok, Åse Wetås, presenterte også Norsk Ordbok saman med både hovedredaktørar og prosjektdirektørar for Norsk ordbok for den gjæve forsamlinga.

BERGEN GLER SEG – Ord og språk er langt mykje meir enn eit verktøy. Det er identitet og kultur.

Det sa Dag Rune Olsen, rektor ved Universitetet i Bergen i talen sin under lanseringa av Norsk ordbok.

– Det er ei glede at vi endeleg kan lansere Norsk ordbok, sa han vidare.

– Og vi ved Universitetet i Bergen gler oss over at vi no i samarbeid med Høgskulen i Volda skal ta over språksamlingane og ordbøkene. Dei skal vere trygge på at dei er i dei aller beste hender, lova han forsamlinga i Universitetsaulaen.

– Dette er ein del av norsk kulturarv, og vi gler oss over dei moglegheitene verket gir oss som tar over, streka han under avslutningsvis, som siste talar under arrangementet.

KAROLINE RIISE KRISTIANSEN
NPK

Hovedredaktorane Oddrun Grønvik (nr. to frå høgre) og Dagfinn Wøren (nr. tre frå venstre) presenterte saman med prosjektdirektørane Kristin Bakken (nr. to frå venstre) og Åse Wetås Norsk ordbok under lanseringa onsdag. Alle blei dei spurde av Linda Eide (til venstre) om yndlingsordet *deira*, og yndlingsordet til språkdirektør og tidlegare leiar i Norsk ordbok, Åse Wetås, er nettopp ordet *dugnad* også fordi det er eit slikt representativt ord for arbeidet med Norsk ordbok. Foto: Karoline Riise Kristiansen / NPK



Norsk Ordbok frå a til å

DET STORE PROSJEKTET Norsk Ordbok kom ikkje i mål i jubileumsåret for Grunnlova i 2014 som planlagt. Men når det tolvte og siste bandet no endeleg er ferdig, 50 år etter det første, så er det ein nasjonal milepæl i seg sjølv.

Den siste fasen av prosjektet var rett nok ikkje så festleg. Våren 2014 signaliserte Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo at dei ikkje var interesserte i å vidareføre verken Norsk Ordbok eller arbeidet med dei nasjonale språksamlingane. Dei 28 forskarane i Norsk Ordbok fekk varsel om oppsæring, og ordboksarbeidet vart hengande etter.

– Uvissa om korleis dette skulle gjerast ferdig, varte jo til nokså langt inn i 2015, seier tidlegare prosjektdirektør i Norsk Ordbok 2014, språkdirektør Åse Wetås.

– Mange av redaktørane som hadde fått seg arbeid andre stader, vart etter kvart henta inn igjen på timebasis for å gjere ferdig forskingsbidraga sine til det siste bandet av ordboka.

PUNKTUM OG FRAMHALD

Den 30. november 2015 var omsider arbeidet med det aller siste bandet fullført, prosjektet formelt lagt ned, og Åse Wetås kunne ta fatt på den nye jobben som direktør i Språkrådet. Den 9. mars kan ho og alle dei rundt 85 andre som gjennom fleire tiår har arbeidd med prosjektet, setje eit endeleg punktum.

– Det smaker ekstra godt fordi vi veit at det ikkje er eit endeleg punktum, men at det kjem inn ein ny eigar som har ambisjonar om å gyve laus på dette og utvikle det vidare. Eg trur nok at alle vi som har jobba med dette opp gjennom åra, synest at dette er ein bra premie, seier Wetås.

For like før arbeidet med ordboksverket var ferdig i november, kom beskjeden frå Kunnskapsdepartementet om at Universitetet i Bergen overtar ansvaret for både språksamlingane, Bokmålsordboka og Nynorskordboka og Norsk Ordbok.

– Aktiv drift ved eit norsk universitet er eit signal om at dette er eit

forskningsfelt som skal drivast vidare i framtida. Det er eg veldig glad for, seier Wetås, som var leiar for ordbokprosjektet frå 2008 til i fjor haust.

BEHOV FOR OPPDATERING

Glad er ho òg for at Høgskulen i Volda no har tatt på seg å lage rettleiinga til den trykte utgåva av det komplekse ordboksverket. Kan hende får høgskulen òg ansvaret for å vidareføre arbeidet med ordboka i samarbeid med Universitetet i Bergen. Da er det òg håp om at dei fire og eit halvt banda som stadig berre finst på papir, kan få ein revisjon.

For det trengst meir enn overføring til digital form, forklarer Wetås. Det første bandet (a–doktriner), som kom ut i 1966, er allereie både gammaldags og utdatert her og der. Ord som app, blogg og datavirus var ikkje eingong påtenkte den gongen, andre ord betyr ikkje det same lenger.

– **SJÅ «AUTOMOBIL»** – «Bil» er eit godt eksempel på korleis verda

har forandra seg sidan grunnlagsmaterialet vart samla inn. Artikelen er innskrenka til «stuttform av automobil», og så er det meininger av brukaren skal slå opp på «automobil» i staden for.

– Viss dette hadde vore fulldigitalt, så hadde det vore mogleg å gå inn og revidere alleorda som til dømes har med bil å gjere. Da kunne vi ha rydda opp i heile dette semantiske komplekset i éin operasjon. Så lenge verket delvis berre finst i trykt form, så går ikkje det. Da må ein byrje på a kvar gong, og det er ein veldig uhensiktmessig og dyr måte å gjere det på, forklarer Wetås.

– **UTRULEG GØY** Språkdirektøren byrja i Norsk Ordbok som redaksjonsassistent og har også som sjef vore med på forskingsarbeidet imellom. Det å lage ordbok er reine julekvelden, meiner Wetås.

– Folk utanfrå trur det ofte ikkje når ordboksfolk fortel kor



utruleg gøy vi synest det er å redigere ordboksartiklar. Det å byrje på eit ord og skulle beskrive det, det er som å pakke opp ein julepresang altså. Du veit ikkje heilt kva som ligg der. Det er overraskningar, og ofte ser du ein heilt annan bruk enn den du sjølv trudde var den vanlege, seier ho.

Byjenta frå Sandnes måtte til dømes innsjå at ikkje alle la det same i ordet låve som henne.

– Eg trur den endelige ordartikkelen hadde åtte ulike betyddingsnummer og delbetydingar under dei igjen. Det var ein heil kulturtradisjon som bretta seg ut. Det er fasinerande kor mykje rikare språket faktisk er enn det vi som enkelpersonar er klare over, seier Wetås.

Den rikdommen er no gründig dokumentert i Norsk Ordbok.

HALLVARD ØSTREM
NPK

»NORSK ORDBOK

- ▶ Vitskapleg ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet
- ▶ Tolv trykte band
- ▶ Omfattar over 300.000 dialekt- og nynorskord
- ▶ Søkbar nettutgåve (mangler førebels bokstavane a–h)
- ▶ Byggjer på over 3,2 millionar setelnedteikningar saman med dialektdomsamlingar, ordbøker og store digitale samlingar av norsk litteratur
- ▶ Til saman har rundt 85 personar vore involverte i ordboksarbeidet, 52 av dei ordboksredaktørar
- ▶ Over 1.500 frivillige innendarar har levert bidrag (NPK)

Den store norske språkdugnaden

DET STORE NASJONALE ORDBOKSVERKET Norsk Ordbok – ordbok over dei norske dialektane og det nynorske skriftspråket – ligg no føre i tolv trykte band. Dette var eitt av dei fire store nasjonale prestisjeprosjekta i kultursektoren som Stortinget ønskte skulle vera ferdiggjorde til grunnlovsjubileet i 2014.

Det Norske Samlaget byrja arbeidet med ordboksverket alt i 1930, men først etter andre verdskriga vart det sett fart i sjølve redigeringa. Ein etter måten liten redaksjon fekk ut det første bandet i 1966, og no, 50 år etterpå, er sluttsteinen lagd med band 12, det siste i alfabetrekka. Universitetet i Oslo overtok arbeidet med ordboka frå 1972, og nye band kom ut i 1978 og 1994. Så i 2002 kom prosjektet Norsk Ordbok 2014 i gang, då med stort mannskap og fullt ut redigert på ei digital plattform. Prosjektet vart no organisert som eit spleiselas mellom Kulturdepartementet og Universitetet i Oslo. Og endeleg etter alle desse åra er verket ferdig i trykt form, og alfabetbolken frå I til og med Å er også digitalisert.

TALEMÅLET ER FLEIRTALSMÅLET Norsk Ordbok er eit vitskapleg dokumentasjonsverk over fleirtalstalemålet i Noreg, dei norske dialektane i bygd og by, attåt det nynorsk skriftmålet. Det munnlege tilfanget er her støypa inn i ei nynorsk form som samlar opp fellestrekka i dette talemålet. Både nytt og gammalt ordtilfang er med. Mange målføreord har heller ikkje vore skriftfeste før, derfor har redaksjonen her gjeve dei ei normert form.

DET LOKALE SPRÅKGRUNNLAGET Heile verket hadde ikkje vorte mykje av om ikkje alle dei frivillige medarbeidarane i bygd og by landet rundt hadde stilt opp med tilfang frå sine eigne heimemiljø. Kring 700 personar har opp gjennom åra sendt inn tilfang frå sine eigne dialektar til ordboka, og mange har skrive ut setlar frå nynorsk litteraturen. Lærarinne Bergit Rike (1883–1944) frå Valle i Setesdal toppar lista med om lag 53 000 skrivne ordsetlar åleine. Og i dag held ivrige valldølar fram arbeidet hennar på nettet.

I tillegg til bidraga frå alle einskildpersonane kjem alle dei lokale trykte ordsamlingane som Norsk Ordbok har hausta tilfang frå. Dette er rundt rekna 400 samlingar av skiftande storleik, og dei er eit viktig grunnlag for ordartiklane. Størst er Njål Veres samling frå Lista i tre band, Ingeborg Donalis Oppdalsboka og Ragnhild Paulsens ordbok frå Nøtterøy med sine 20 000 ord. Og folkemåla i byane er sjølvsagt med. Best representerte her er Stavanger, Bergen, Kristiansand, Molde og byane i Grenland. Og både dalføra og flatbygdene på Austlandet er godt dekte med solide dialektordbøker og gode informantar. Trønderane har jamvel si eiga dialektordbok, Trønderordboka, som er komen i to utgåver og no er utseld. Norsk Ordbok har dertil gjort eit planfast arbeid med å få inn meir tilfang frå Nord-Noreg, og dette har langt på veg lukkast. Særleg har vi fått inn mykje godt stoff frå Helgeland, Salten og Sør-Troms.

Dei siste 25 åra har det auka på med slike samlingar, fleire av dei er reine praktverk og mange av dei er også resultat av eit omfattande samarbeid mellom gode lokale krefter. Den filologiske kvaliteten kan nok ymsa, men alle har dei vore verdfulle kjelder for Norsk Ordbok. Dei siste åra har mange nye også blitt lagde ut på nettet. Både einskildpersonar og organisasjonar har delteke i arbeidet. Berre på dei ti siste åra har vi registrert heile 75 slike samlingar, nyleg fekk vi inn ein murstein på 590 sider frå Røros. Det er heilt tydeleg at folk er både glade og interesserte i dialektane sine. Det er òg eit varsel om at ordtilfanget forandrar seg i desse tider, i takt med endringane i samfunnstilhøve og arbeidsliv, noko mange tydelegvis kjener sterkt på. Norsk Ordbok har prøvd å fanga opp desse straumdraga i sitt arbeid, men her ligg store forskingsoppgåver og ventar for framtidia.

KJELDER MED DIALEKTNÆRT SKRIFTMÅL Forfattarar som skriv dialektnært er sjølvsagt også gode kjelder for Norsk Ordbok. Såleis er Alf Prøysen godt representert med sine tekstar. Også alle skriftene til Norsk Folkekminnelag er med i kjetegrundnaget. I Norsk Ordbok kan ein då finna ord og nemningar som fortel om vêr og vind, natur og landskap, fiske, skogbruk og jordbruk, lokale plante-, dyre- og fiskeramn, tru og overtrø og så bortetter. Her står då dei orda som folk landet rundt faktisk har brukt for konkrete ting, for si tru og sine tankar. Ein slik dokumentasjon av språk og kultur som dette verket inneholder, er særstakt viktig for eit opplyst og kunnskapshungrig land og folk. Og interessa er stor – veldig stor – landet rundt.

OLAF ALMENNINGEN
Redaktør i Norsk Ordbok



Over 1.500 frivillige rundt om i landet har hjelpt til med å samle inn ord til Norsk Ordbok. Bergit Rike frå Valle i Setesdal stod for ei av dei meir originale ordsamlingane: ei dokke der lappane viser kvar dei ulike namna og teknikane høyrer heime.

Foto: Johanne Landsverk / NPK



Lodve Solholm, styreleiar for Nynorsk kultursentrum.

Foto: Aasen-tunet / Anders Aanes

– Nynorsk kultursentrum er klar til å lage **Vinje-senteret** i nært samarbeid med innbyggjarar, fagmiljø og styresmakter, seier styreleiar Lodve Solholm.



Skisse: Slik ser arkitektane Henrik Hille og Ervin Strandskogen føre seg at Vinje-senteret skal bli sjåande ut. Illustrasjon: Perspektivskisse frå Hille & Strandskogen februar 2016

– Vi er klare til å

I FEBRUAR la Nynorsk kultursentrum fram ein prosjektplan på 300 sider om Vinje-senteret som eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlingssenter for dikting og journalistikk, plassert ved E134 midt mellom Bergen og Oslo.

Vinje-senteret blir på 700 kvadratmeter inkludert fellesareal med Vinjar samfunnshus som ligg vegg i vegg. Senteret fyller hovudetasjen i nedlagde Vinje skule, som får ein ny kontorfløy og tre små utstikkarar.

– Det blir ein framifrå stad å vere og ein ny grunn til å bu i Vinje, stoppe der, bli verande lengre, seier direktør Ottar Grepstad.

HØGE FORVENTNINGAR, BREI STØTTE Litteraturdagane i Vinje ønskjer å bli ein del av Vinje-senteret, styra i Vest-Telemark Museum og Nynorsk kultursentrum har alt drøfta ei skisse til samarbeidsavtale, og Nynorsk kultursentrum kan ta over forvaltningsansvaret for Vinjestoga frå 2018.

Prosjektplanen er publisert på den nye nettstaden Vinjesenteret.no som opna i februar. Til planen har 20 personar i og utanfor posisjonar skrive korte meldingar om kva dei meiner om



Ottar Grepstad

Foto: Aasen-tunet

eller ventar seg av Vinje-senteret. Blant desse er ambassadør Astrid Versto, forfattaren Agnes Ravn og tidlegare ordførar Arne Vinje.

– Vi gler oss over den støtta vi har fått frå inn- og utland. Då vi la fram drøftingsframlegg til prosjektplan i januar, tok ingen til motmæle mot innhald eller ambisjonsnivå. Folk ventar seg mykje, og det faglege ambisjonsnivået er høgt, meiner Grepstad.

– Med blikk for det lokale skal dette bli eit senter på internasjonalt nivå om dikting og jour-

nalistikk. Bygt på nynorsk skriftkultur vil senteret dekkje journalistikk og skjønnlitterær prosa på både nynorsk og bokmål.

ENKLE UTGREIINGAR

HELD IKKJE LENGER Direktøren i Nynorsk kultursentrum meiner at tida er omme for det han kallar summariske plandokument. Nye kulturinstitusjonar må vise kva dei vil og korleis dei vil gjere det, og det må gjerast i opne og inkluderande prosessar.

– Vi har ønskt å vere grundige og legg alt på bordet, seier Grepstad.

– I prosjektplanen svarar vi på det som har vore framme i dei 76 møta som er haldne. No har vi dekning for å seie at Vinje-senteret skal gjere noko ingen andre museum gjer.

DEMPA OG TYDELEG – Dei beste fagfolka ser løysingar andre ikkje ser og som verkar opplagde når dei først er der. Arkitektane Henrik Hille og Ervin Strandskogen har forma Vinje-senteret, og dei er slike fagfolk, seier Ottar Grepstad.

Hille og Strandskogen var dei nærmaste medarbeidarane til Sverre Fehn då den prislønte byg-



gå i gang

ningen Ivar Aasen-tunet blei til. No har dei sett med nye augo på Vinje skule.

– Dei har gitt Vinje-senteret eit dempa, men tydeleg uttrykk som utnyttar plassen godt, meiner Grepstad.

INNHALDET STØRRE

ENN KOSTNADEN – Det handlar om å bruke det som er, forbetre det og legge til noko nytt. Difor blir innhaldet større enn kostnaden, seier Ottar Grepstad.

Prosjektplanen for Vinje-senteret inneholder svært detaljerte kalkylar for både byggjeprosjekt, basisutstilling og drift. Så tidleg i prosessen er det likevel mange usikre faktorar. Medrekna uføresette kostnader kan Vinje-senteret bli bygt for 24 millionar, og basisutstillinga vil truleg koste 6,1 millionar, heiter det i prosjektplanen. I full drift blir det årlege driftsbudsjettet på om lag 6 millionar.

– Summane er låge, men høge nok til å nå det faglege ambisjonsnivået alle ønskjer, seier Grepstad. Han meiner at Vinje-senteret blir ein av dei rimelegaste nasjonale kulturinstasjonane på 2000-talet. **Nynorsk Kultursentrum**

»VINJE-SENTERET

- ▶ Dokumentasjons- og formidlingssenter for dikting og journalistikk
- ▶ Driftsavdeling i Nynorsk kultursentrums på linje med Aasen-tunet og Hauge-senteret
- ▶ Fire fast tilsette og to deltidstilsette
- ▶ Nynorsk kultursentrums har laga prosjektplan etter avtale med Vinje kommune
- ▶ Arbeidet er finansiert av Norsk kulturråd og Vinje kommune
- ▶ 700 kvadratmeter i Vinje skule frå 1973, som blir bygd om og får ei ny kontorfløy
- ▶ Med uføresette kostnader vil det koste inntil 24 millionar å bygge Vinje-senteret
- ▶ Nynorsk kultursentrums er klar til å ta over ansvaret frå 1. september 2016



Martine Rørstad Sand er Årets nynorskbrukar

Det var **Martine Rørstad Sand** (26) på Hamar som omsette Facebook til nynorsk. Ho er kåra til Årets nynorskbrukar 2016. Ho får prisen for sin eineståande innsats i arbeidet med å gjere det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar i dataspel og sosiale medium, seier styret i Nynorsk kultursentrums grunngivinga si.

– Eg er svært overraska og glad over å bli tildelt denne prisen, seier Sand. – Nynorsk har betydd veldig mykje for meg, og det er fint å sjå at arbeidet eg har lagt ned for å synleggjere det språket eg elskar, blir lagt merke til av andre.

Prisen er på 100 000 kroner og blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela i Ørsta 23. juni.

Martine Rørstad Sand (26) frå Sula er utdanna norskærar, bur på Hamar og studerer no digital kommunikasjon og kultur ved Høgskolen i Hedmark. I mai leverer ho masteroppgåve om bruk av dialekt på Facebook.

Sand har æra for at nynorsk er eit av meir enn 100 menyspråk i Facebook etter at ho har omsett 27 000 ord. Nyleg var ho ferdig med dataspellet «Skugge-meisteren». Dette var den første nynorskversjonen av eit Nintendo Wii U-spel, utvikla av Sarepto studio. PC-versjonen av dette spelet har alt vunne to priser. Ho har også omsett programvare for operativsystemet Ubuntu.

Det er 16. gongen Nynorsk kultursentrums kårar Årets nynorskbrukar. Prisen blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk.

ÅRETS NYNORSKBRUKAR 2000–2016

- 2000** Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård
- 2001** Hotelldirektør og visepresident i NHO Gerd Kjellaug Berge
- 2002** Ringstabekk skole
- 2003** Redaktør Martin Toft
- 2004** Musikkgruppa Side Brok
- 2005** Forfattar Kjartan Fløgstad
- 2006** Forretningskvinnene og toppidrettsutøvar Kari Traa
- 2007** Forlagsredaktør Guri Vesaas
- 2008** ÅmliAvisa v/redaktør Inger Stavelin
- 2009** Seksjonsoverlege Ottar Rekkedal
- 2010** Forfattar Maria Parr
- 2011** Bloggar Linda Sæbø
- 2012** Journalistane Ingvild Bryn og Arill Riise
- 2013** Filosofen Gunnar Skirbekk
- 2014** Songlyrikarane Aasmund Nordstoga og Odd Nordstoga
- 2015** Kunsthistorikaren og journalisten Jorunn Veiteberg
- 2016** Facebook-omsetjar Martine Rørstad Sand



KRAFT TEKNOLOGI

ELEKTRISKE FRAMDRIFTSSYSTEM



Klima- og miljøvenleg framdriftsteknologi

- Redusert forbruk med opp til 60%**
- Redusert elektrisk tap i system, berre 6%**
- Redusert utslepp av NOx, SOx og CO2**
- Redusert vedlikehald og betre plass**
- Redusert støy og ingen EMC-problem**



Vårt nye maritime senter

STADT NO-LOSS DRIVE TEKNOLOGI

- Energieffektiv
- Reduserte klima- og miljø-utslepp
- Levetid på meir enn 25 år



STADT AS, Molovegen 2, NO-6083 Gjerdsvika, NOREG
Tel.: +47 70 02 58 00, E-post: info@stadt.no
www.stadt.no

Spennande kon

I mars var det 70 deltagarar samla på konferanse om integrering og **norskopplæring** i Knarvik.

– Vi er veldig godt nøgde med konferansen, seier Haakon Aase, leiar i Meland Mållag og styremedlem i Noregs Mållag.

– Det var interessante innleiingar og mange nyttige diskusjonar, og veldig godt deltagarkartal. Det var godt over 70 deltagarar på konferansen, og dei kom frå heile Hordaland. Fleire er opptekne av emnet, difor var både folkevalde, tilsette frå vaksenopplæringar og andre interesserte til stades.

Det var mållaga i Lindås, Meland og Radøy som inviterte til konferanse. I desse tre kommunane i Nordhordland lærer dei vaksne innvandrarane bokmål. Mållaga meiner at tida er inne for å skifte til nynorsk.

– For oss har det vore viktig å få fram at vi går inn for nynorsk opplæring i kommunane våre, men konferansen handla om meir enn det. Vi ynskjer best mogleg integrering, og det er viktig å snakke om korleis ein får det til, seier Haakon Aase.

VIL HA FLEIRE LÆREBØKER PÅ NYNORSK

Mona Steiner Brekkan og Roy Thomassen frå Vaksenopplæringa i Austrheim kommune snakka om korleis

drive tilpassa norskopplæring av flyktningar, og Ann Kristin Helland Gujord, fyrsteamanensis ved Universitetet i Bergen, snakka om utfordringar for vaksne innvandrarar i møte med norsk som andrespråk. Ho peika på at for mange vert det ei utfordring at vi har ulike dialektar og at vi snakkar fort. Eldre innvandrarar opplever også at det er vanskelegare å lære seg eit nytt språk enn dei som er yngre.

Gunnar Flatland snakka om erfaringar frå Førde norsksenter. Der hadde dei tilsette sjølve og rektor avgjort at dei ynskte å gå over til nynorsk opplæring, fordi dei opplevde det som ei rett pedagogisk vurdering. Han understreka, som mange andre, at det er viktig å betre lærermiddelsituasjonen for denne gruppa.

– DETTE ER SPRÅKPOLITIKK

– I Os førre veke gjekk diskusjonen høglytt om opplæringsspråket. Og frå mange kom utsegna: det viktigaste er at dei lærer seg norsk. Men kva er norsk, spurde Marit Aakre Tennø i sitt sluttinnlegg på konferansen.

– Språkspørsmål er nøytralitet umogeleg. Det finst ingen nøytrale val, ein må velje det eine eller hitt.

TUSEN BARNEBØKER PÅ NYNORSK:

I løpet av eitt år har lokallag i **Noregs Mållag** delt ut godt over tusen nynorske barnebøker til over 150 barnehagar i heile landet.

Prosjektet er ein del av kampanjen «Gjennom ord blir verda stor», som handlar om meir nynorsk og språkleg medvit i barnehagane.

– At born møter nynorsk frå dei er små, er viktig for språkutviklinga og haldningane til nynorsk, seier **Marit Aakre Tennø**, leiar i Noregs Mållag.

– Barnehagane driv i storre grad enn før språkopplæring med ulike aktivitetar som stimulerer språket. I mange bar-



nehagar i nynorsk-område går språkstimuleringa føre seg på bokmål. Dette gjev

nynorsk-ungane eit dårlegare utgangspunkt ved skulestart enn ungane som skal lære bokmål, og gjev nynorsk-ungane ein svakare språkleg identitet, seier Marit Aakre Tennø.

Lokale mållag ynskjer meir nynorsk i barnehagane og difor har dei kjøpt bokpakker frå Samlaget og Skald, som dei har gjeve i gåve til barnehagar i nærområdet sitt.

– Tilbodet frå desse forlaga er både rimelege og gode barnebøker. Dei ligg på våre nettsider og vi har sendt dei vidare til alle våre lokallag, seier **Erik Grov**, organisasjonskonsulent hjå Noregs Mållag.

– Det er lokallaga sjølv som står for finansieringa. Så langt har over 150 barnehagar fått bokpakker, og godt over tusen nynorske barnebøker er blitt delt ut. På den nasjonale barnehagedagen 1. mars var språkstimulering tema, og fleire lokale mållag nyttar høvet til å gje ei nynorsk barnebok-gåve til barnehagane, fortel Erik Grov.

feranse om integrering



Godt oppmøte: Ein del av dei kring 60 som deltok på mållaga sin konferanse på Dampen. Temaet var korleis norskopp-læringa for innvandrarar kan fremja integreringa. Foto: Hans Egil Storheim/Lokalavisa Strilen

Frå dei som ikkje ynskjer nynorsk-undervising, høyrer vi at dette ikkje må verte språkpolitikk. Svarret mitt på det er at det allereie er språk-politikk. Sjølvsagt er spørsmålet om kva språk ein lærer dei som kjem til kommunen, språkpoli-

tikk, seier Marit Aakre Tennø.

– Som vi har sett, finst det mange kommunar der så mange som 15 prosent av dei som bur i kommunen, har vandra inn frå ein annan del av verda. Om kommunen heilt medvite lærer 15 prosent av folket

eit anna språk enn det kommunen bruker, så er det klart det er ein massiv bokmålskampanje som ikkje berre er språkpolitikk, men som får språkpolitiske konsekvensar.

HEGE LOTH
hege.lothe@nm.no



Liv Eldegard Talle. Foto: Hege Lothe

NY LEIAR I OSLO MÅLLAG: Liv Eldegard Talle er vald som ny leiar i Oslo Mållag etter Helene Urdland Karlsen. Talle har vore nestleiar i styret sidan 2014. Før det har ho vore vara- og styremedlem. Talle kjem frå Årdal og har i mange år hatt eit målpolitisk en-

gasjement. Ho meiner språket er ein viktig del av identiteten vår.

– Helene Urdland Karlsen har vore ein aktiv og synleg leiari, og eg vil arbeide for at Oslo Mållag framleis skal vere eit markant lokallag i hovudstaden, seier Talle.

Lokallaget i Noregs Mållag er eit av landets største, med nærmare 500 medlemarar. Føremålet er å styrke målreisinga i hovudstaden.

– Me ønskjer å vere ein språkpolitiske aktør, og i tillegg skape sosiale møtestader for medlemane våre, seier Talle.

I styret sit elles Tharaniga L. Rajah, Ole Jan Borgund, Torstein Vik Århus og Sigrid Sørungsgård Boheim.

NY LEIAR I SUNNMØRE MÅLLAG:

Knut Falk har blitt ny leiari i Sunnmøre Mållag. Han overtek vertet etter Solveig Linge Stakkestad frå Valldal som held fram i styret saman med Magnar Storøy frå Herøy og Kristian Fuglseth frå Hareid. Camilla Auflem Vik frå Sande vart vald inn som ny styremedlem.

HAUSTSEMINAR I LOM: Styret i Noregs Mållag har avgjort at **haustseminaret i Noregs Mållag** blir så

tidleg som laurdag 3. september og sundag 4. september 2016. Desse dagane er det Diktardagar i Lom. Seminardeltakarar på haustseminaret får dermed med seg fleire flotte programpostar på diktardagane, samtidig som vi vil ha fleire eigne programpostar. Styret trur dette kan bli ein spennande vri på haustseminaret og vonar mange har høve til å reise til Lom og oppleve førhausten i Nord-Gudbrandsdalen.

NY LEIAR I HARAM MÅLLAG: Lisa Alvestad Aarnes

er nyvalt leiari i Haram Mållag. Ho er bibliotekar på Haram folkebibliotek og skriv ei fast spalte i lokalavisa *Haramsnytt* om språk.

LEIARKIFTE I MÅLLAGET

IVAR KLEIVEN: I Mållaget Ivar Kleiven har Ivar Schjølberg nyleg gått av som leiari i laget. **Kari Holmo Holen** er valt til ny leiari.

ØSTFOLDMÅLPRISEN TIL ELDBJØRG SKAUG

Østfold Mållag gir Østfold-målprisen 2016 til **Eldbjørg Skaug**. Prisen får ho for arbeidet ho har gjort heilt sidan 1980-talet for å styrke lokalt språk og identitet i heimkom-



Rune Soltvedt, sportssjef i Brann, fekk årets målpris i Alversund mållag. Foto: Alversund mållag

Målpris til populær idrettsleiar

Sportssjefen i Sportsklubben Brann, **Rune Soltvedt**, har fått Alversund mållag sin Målpris. Prisen vart delt ut på songkvelden som mållaget årvisst skipar til.

I grunngjevinga seier mållaget at prisvinnaren, som opphavelig er frå Stanghelle i Vaksdal, har teke med seg kulturen frå heimstaden inn i det meste han gjer.

– Rune Soltvedt står stodig planta i det nynorsknaære talemålet sitt i alle situasjonar. Slik er det når ein møter han heime i Knarvik, og slik er det når vi høyrer han i radio og på fjernsyn. Dette gjeld også når han rører seg blant unge fotballtalent frå bokmålsmiljø, seier mållaget om prisvinnaren.

Og ein glad målprisvinnar takka:

– Å få denne prisen betyr mykje for meg. Det handlar om røtene mine og identiteten min. Det er viktig for meg å vera medviten om og å visa fram kvar eg kjem frå og kvar eg høyrer til, sa Soltvedt.

Alversund mållag fyller 60 år denne våren.



Styret i Troms og Finnmark Mållag kan glede seg over at fleire i dei nordlegaste fylka engasjerer seg i målsaka.

munen Eidsberg og i Østfold. Ho var med blant initiativtakarane som stifta Østfold Mållag i 1989 og har sidan hatt tallause verv i organisasjonen.

MEDLEMSVEKST I NORD: I 2015 opplevde mållaga i Troms og Finnmark ein auke i medlemstalet på 43 medlemer og er no oppe i 242 medlemmar. Prosentvis er auken på heile 21,6 prosent.

– Me gler oss over at fleire i Troms og Finnmark engasjerer seg i målsaka og meldar seg inn og vert aktive i mållaget, seier **Sæmund Stokstad**, leiari i Troms og Finnmark Mållag.

- Skål for «Polet»

Heile 48 av 49 vinmonopol i nynorskkommunar har blitt omprofilerte til nynorsk.

I 2011 slo Kulturdepartementet fast, etter brev frå Voss Mållag, at vinmonopola skal rette seg etter mållova og skilte og ha informasjonen på nynorsk ved utsala i nynorskkommunar. Etter ein ringerunde frå Mållaget syner det seg at det er 48 av 49 pol som profilerer seg på nynorsk.

– Det er ei glede å sjå at Vinmonopolet har retta seg etter påleggjet frå Kulturdepartementet på eksempelarisk vis. Dei fortener ein skål, seier Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag.

– Det syner at å leggje om språket i kjedeprofilering er fullt gjenomført. Her har andre, til dømes butikkjeder, noko å lære, seier Marit Aakre Tennø.



Linn Therese Ommedal Haram på nynorsk-polet i Gloppen.

Mållaget meiner at private bør kome etter og utfordrar særleg daglegvarebransjen til å gjere som Vinmonopolet, nemleg å profilere seg på nynorsk i nynorskområde.

I desse dagar sender Mållaget eit takkebrev til alle dei nynorske vinmonopola, der det også er lagt ved Nynorsk verksemder-klistremerke til kvar enkelt.

ERIK GROV

Storegutprisen til Are Kalvø

Litteraturdagane i Vinje heidrar kvart år ein person eller eit lag som på ein positiv måte nyttar eit levande nynorsk i det offentlege rom.

Are Kalvø får prisen for å synge at nynorsk er eit språk for vår tid. Han vert heidra for å nytte nynorsk i hu-

mor, satire, til skjemt med snert og uhøgtidleg alvor.

Prisen har namnet sitt etter ein sentral figur i diktina til Åsmund Olavsson Vinje, og vinnaren får ein bronsestatuett laga av bilethoggaren Kjell Grette Christiansen.

Storegutprisen vert delt ut under Litteraturdagane i Vinje 27. august. (NPK)

Ein finn ikkje noko før ein kjem der det er



Stort utval i nynorske bøker, varer med Aasen- og Hauge-sitat, magnetpoesi, Blåmann-speledåse og mykje, mykje meir

Handlenett.no

Nettbutikken til Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret

T R A D

Etter å ha snusa på bokmålet, er **Sylvsmedja på Voss** no solid forankra i nynorsken.

»SYLVSMIDJA

Gull- og sylvsmed på Voss.

Lagar all slags smykke, men er størst på bunadsylv.

Fekk i vinter Næringslivsprisen frå Voss Mållag



– Nokon hadde trua på at bokmål var vegen å gå?

– Ja, om du berre tenkjer på språk og vil gjera det enkelt for deg sjølv, så kan det vera ein naturleg tanke. Berre namnet vårt,

vil me verkeleg gjera det så vaniskeleg for oss? Ja, det vil me. For det gjer verksemda til vår eiga, og plasserer ho akkurat der me vil ha henne. Du kan godt ha Sylvsmia i Valdres, men du har ikkje Sylvsmedja. Det viktig for oss å halda på det unike.

– Og det er?

– Me har vore lenge i branjen. Me har gjort det mest. Me har levert til flest bunader i Noreg. Du kan godt sei at det er ein arroganse i å sei noko slikt, men det gjer det trygt å kjøpa våre produkt. Dei veit kva dei får. Dei skal vera trygge på at me veit kva me gjer. Språket og namnet knyter oss geografisk til Voss og tradisjonen vår, seier Myhre.

VIL AUKA MEDVITET – Me har lenge vore gode på å få varene våre ut i butikkane, seier Kristin Myhre som vart marknadssjef i fjor haust.

– Men me har ikkje vore like gode på å møta kundane direkte. Me er marknadsleiar på bunadsylv, men ei undersøking synte at det berre er ti prosent av kundane som kjenner til oss. Det er eit naturleg mål å nå ut fleire, men då er spørsmålet kva og kven er me? Kva skal me seia, og korleis skal me seia det? Langs den vegen er det uråd å tenkja seg at me skulle ha nytta bokmål.

INN I DEN DIGITALE

VERDA Det er ikkje råd å springa rundt og handhalsa på alle potensielle kundar. Møtestaden blir i sosiale kanalar på internett. Difor vart det i fjor haust også tilsett ein nettredaktør, ein som med marknadssjef Myhre sine ord heldigvis kunne skriva «vossisk». Maria Liv Gjerstad er samdi i at nynorsk er ein styrke.

– Det heng hand i hand. Du får meir tyngd og truverde når du sel desse produkta på nynorsk, seier Gjerstad som samstundes peikar på at dette valet også er ei utfording.

SJONSTRUA



Heimelaga: All produksjon går føre seg i fyrste høgda i Sylvsmedja sine lokale på Seim. Foto: Kjartan Helleve

– Du får ulike treff på sølv og sylv. Eit sok etter «øyrepypnt» gjev om lag 14500 treff i ulike nettsider. «Ørepypnt» gjev derimot 450 000 treff. Sjølv eg som nynorskbrukar nyttar bokmålsord for å få flest relevante treff. Ideelt sett hadde det vore råd med parallellsök, som gjorde at bokmålsord og nynorsk-ord vart jamstelte.

- Korleis løyer de dette?
- Det finst ikkje noka enkel

løysing på dette. Me kjøper ein del lysingar som gjer at me kjem lengre opp på trefflista. Stundom ser me oss nøydde til å nytta bokmål. For det blir ei vurdering av kva som er mest verdt. Det blir eit kostnadsspørsmål.

EMOSJONELT Dei understrekar at dette høyrer til unnataka.

- Ei merkevareplattform skal reflektera kjerneverksemda vår på ein

emosjonell måte, seier marknads-sjef Myhre.

– Det ville ha vore heilt tankelaust å nytta bokmål. Me er ei verksemد som tek vare på tradisjonar. Me må ha eit verktøy som kan få dette ut, og der er mellom anna språket viktig. Nynorsk er rikt på gode ord, og eg opplever det emosjonelt.

– Då er du vel snublende nær å seia at nynorsk er fint i dikt, men ikkje så nyttig elles?

– Å jo, det er det. Eit av slagorda våre er «Det blenkjande bunads-sølvet». Det slagordet fungerer også innanfor Ring 3 i Oslo. Og om dei lurer på kva det tyder, har me allereie vunne.

KJARTAN HELLEV
kjartan.helleve@nm.no

Kjelde: Nils Kvamsdal: Edelt Handverk.
Sylvsmedja 75 år. (2015)

På 1800-talet skreiv kunstnarar **amorøse brev** til vene, fulle av romantiske ord og vendingar. Kva venskapar var det som kom til uttrykk?

Tvillingsjeler

Me skriv knapt brev lenger. Det er ikkje lenger dyrt å ringje før klokka 17, og me reiser på kryss og tvers av landet fleire gonger i året. Dei få breva som blir sende, er stort sett jolehelsingar til gamle vene. E-posten tok heilt knekken på denne tradisjonen. Dei fyrste elektroniske breva ein skreiv, var like lange som dei fysiske breva ein hadde skrive før. Men så vart breva kortare, og til slutt fekk bodskapen plass i ein SMS.

På 1800-talet var det annleis. Romantikken hadde spreidd seg ut over Europa, og kombinasjonen av kjensler og fornuft fekk fram ei utruleg evne og lyst til å uttrykke seg gjennom fantastiske brev. Det vart ikkje spara på korkje mengd, lengd eller innhald. For biografar som Jan Olav Gatland er desse breva ei gullgruve. Her er det råd å finne spor av både dei inste kjenslene og dei ytre tilhøva hjå meir eller mindre kjende personar.

ROMANTISKE FORMULERINGER Gatland har vore gjennom mange slike brevbunkar. På eit tidspunkt såg han ein eigen sjanger vekse fram: romantiske brev frå ein ven av same kjønn. Brev som vitnar om eit nært band mellom skrivar og mottakar, og med formuleringar som kunne få den mest liberale av oss til å raudne. I eit forsök på å skildre slike nære venskapar, har han skrive boka *Romantiske vennskap. Sjelevener i norsk kultur*. Harriet Backer og Kitty Kielland er eitt av døma. Av dei andre fjorten samkjønna venepara kan vi nemne Bjørnstjerne Bjørnson og Clemens Petersen, Synnøve Finden

“ Eg lèt meg fasinere av desse tette venskapane, som kjem til uttrykk i veldig romantiske formuleringar.

»JAN OLAV GATLAND

- ▶ Forfattar og bibliotekar
- ▶ Har skrive ei rad bøker, mellom anna biografiar om Åsmund Sveen, Rolv Thesen, Ola Raknes og Olav Dalgard.
- ▶ Aktuell med boka *Romantiske vennskap. Sjelevener i norsk kultur*.

og Pernille Holmen, Edvard Grieg og Frants Beyer.

– På 1800-talet var det ikkje uvanleg å ha nære romantiske venskapar med personar av same kjønn, utan at nokon stilte spørsmål ved det, fortel Gatland.

– Eg lèt meg fasinere av desse tette venskapane, som kjem til uttrykk i veldig romantiske formuleringar. I all hovudsak er det menn som skriv desse breva, då kvinnene ofte budde i lag. Men desse kvinnene skriv også brev når dei til dømes er på reise.

MEIR ENN VENER? – Når ein les utdrag frå breva, så er det fort å få ein mistanke om at det dreier seg om meir enn berre venskap.

– Ja, i dag ville me truleg ha mistenkt dei for å vere homofile. Men me må lese dei ut frå tida dei er skrivne i. Dette kjem til uttrykk i brev og andre skriftlege kjelder eg har funne. Me veit jo lite og inkje om kva som gjekk føre seg i heimane. Men desse breva vitnar om veldige kjensler, og det kan stundom verke

som det er rett fram kjærleik mellom partane. Utan at det skal bety ei seksuell interesse.

– Når veit me då at det bikkjar over?

– Det er uråd å vite. Dette er jo ei tid då det ikkje var noko medvit om slikt. Om to damer valde å bu i lag, så fekk dei gjere det. Det var lite spekulering i om dei hadde eit nærrare samliv enn at dei budde under same tak. For det kunne vere praktiske årsaker til det, og eit aktivt val. Kitty Kielland og Harriet Backer var fullt medvitne om at eit giftarmål ville kunne medføre slutten på deira kunstrarlege karrierar. Men dette gjeld jo kvinnene. Mennene eg skriv om, er ofte gifte og har kone og familie, seier Gatland.

Målet med boka hans er ikkje å løfte på dyner og leite i skap. Gatland skriv i boka om at «dei nære forholda fortel òg korleis personane har funne inspirasjon og kraft i vennskapet og utvikla seg ved hjelp av den andre».

– Det er interessant å sjå kor sterke desse venskapane var og korleis det styrkte den kunstrarlege personlegdomen. Venskapen har òg ein annan funksjon. Det var viktig, særleg for kunstarane, å ha nokon å vere trygg på, som kunne vere ei støtte i motgang, som ein kunne stole på. Å ha nokon som forstod. Som kunne vere hoggestabbe og samtalepartnar.

TIDSTYPIK – Det er ei slagside mot 1800-talet i denne boka? Finst det ikkje døme på dette både tidlegare og seinare?

– Det gjer det sjølv sagt. Kriteriet var at det skulle vere litt kjende folk som hadde markert seg i norsk kulturliv. Eg ville gjerne gå så langt attende som råd, men var samstundes avhengig av kjeldematerialet, brev og dagbøker og slikt. Dei eldste eg har teke med er Conrad Schwach og Maurits Hansen. Eg har teke med nokre venskapar frå 1900-talet, men det er lettast å finne denne typen venskap på 1800-talet. Mot slutten av 1800-talet aukar medvitet om

homofili, og det var lettare å bli mistenkt for at dei nære venskapane faktisk var noko meir. Kan hende var dette eit tidsfenomen. Det er så mange ting som har utvikla seg, at no opplever ein dette som eit fenomen som er passé. I dag er det knapt råd å snakke om sjelevener og søskensjel utan å bli oppfatta som ein del av alternative og nyreligiøse miljø.

– For ord og omgrep er sentrale her. «Romantiske vennskap» får i alle fall meg til å tenkje at venskapen var noko meir.

– Tittelen er meint å peike mot ein historisk periode, men eg ser at nokon kan leggje noko meir i det. Likevel: er det kjærlege kjensler ute og går, så er det romantikk. Kjærleik treng ikkje ha noko med seksualitet å gjøre. Det er ein utruleg språkbruk vi ser, og sett frå vår ståstad, så blir det ei gråsone.

MINIBIOGRAFIAR – Boka er også ei rad minibiografiar?

– Ja, og det var ei utfordring. Eg har vilja skildre korleis liva til to personar er kopla saman, og at dette skulle dokumenterast. Det finst heile biografiar om nokre av dei eg skriv om, men eg hadde berre plass til ein liten del. Eg kunne berre ta med ørlite om oppveksten og heller gå rett på det kunstrarlege livet. Samstundes skulle desse små biografiane koplast i hop, og det skulle vere ei viss likevekt.

– Korleis løyste du det?

– Det har ikkje vore lett. I tillegg kjem problemet med kor mykje ein skal ta med av samtidia, det vere seg særlege samfunnsendringar eller kunstrarlege retningar i tida, kor mykje skal du forlange at lesarane veit. Men svaret ligg i utgangspunktet. Eg har trekt ut eit aspekt i livet hjå desse menneska, i staden for å plassere dei inn i ein periode eller ei retning. Såleis har eg leita etter døme og hendingar som kan nyttast i denne samanhengen.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



Foto: Kjartan Hellwe

Motstanden mot **kraftlinja** i Hardangerfjorden utvikla seg til ein kamp for lokaldemokra- tiet. Ein ny dokumentarfilm rippar opp i gamle sår.

SIMA KRAFTVERK ligg i Eidfjord, inst inne i Hardangerfjorden. Det kom i drift i 1980 og er det nest største i landet. Tradisjonelt har straum gått frå vest og nord til dei folkerike områda på Austlandet. Så også med krafta frå Sima.

Men me brukar meir straum enn før. Samstundes har det vorte bygd relativt få kraftlinjer, slik at presset på det alt eksisterande nettet har auka. Difor har Statnett i fleire år drive ei storstilt oppgradering av det såkalla sentralnettet. Nye kraftlinjer skal sikra forsyninga også på Vestlandet. Statnett er eit statleg føretak som er eigd av Olje- og energidepartementet. Dei er også deleigarar i den nordiske straumbørsen Nord Pool Spot, det ein kan selja og kjøpa overskotsstraum frå dei nordiske og baltiske landa.

På tidleg 2000-tal konkluderte Statnett med at det skulle byggjast ei ny kraftlinje frå Sima i Eidfjord til Samnanger. Slik skulle dei styrkja kraftforsyninga i Bergens-området. Den nye linja skulle gå opp på fjellet frå Eidfjord og meir eller mindre følge fjellet ut Hardangerfjorden. Ho ville på vegn kryssa fjorden i Osa og i Granvin. Men Statnett hevda at ho elles knapt ville vera synleg. Ein måtte i så fall vera i ein båt midtfjords og ha ein veldig god kikkert. Om Bergen skulle vera sikra straum i framtida, så kunne ikkje Statnett skjøna at denne nye kraftlinja skulle vera noko problem.

Det var det delte meininger om. Den fyrste motstanden kom kring 2004, og alt i 2005 vart organisasjonen med det velklingande namnet «Folkeaksjonen i Hardanger mot 420 kv. kraftlinje Sima-Samnanger» skipa. Kraftutbygging og kraftmaster er sjeldan populært

i nærområda. Men denne gongen var motstanden hardare. Tanken på at Hardangerfjorden skulle skjemmast ut av svære kraftmaster, var det knapt nokon som tykte om. Eit openbert alternativ med å leggja heile linja i kabel i fjorden dukka opp, og motstandarane fekk vatn på mølla. Organisasjonen bytte namn til «Folkeaksjonen i Hardanger for kraftoverføring med sjøkabel». Heile fjorden samla seg. Lokalpolitikarar støtta opp, og fylkesparti var samde. Alle trudde at dette gjekk vegen. Lokaldemokratiet fungerte.

KONSESJONEN KJEM 2. juli 2010 gav likevel Olje- og energidepartementet konsesjon for å byggja luftlinja. Reaksjonane lét ikkje venta på seg. Det er store demonstrasjoner rundt om Hardangerfjorden. Ikkje minste reagerte politikarane på Stortinget, der saka hadde vore ein gjengangar i spørjetimen i mange år. Som eit svar på dette, sette departementet ned heile fire ulike utval som skulle greia ut om sjøkabel likevel kunne vera eit alternativ. Utvala arbeidde raskt. Rapportane var klare alt 1. februar, og departementet kalla inn til høyring i Bergen 10. februar. Utvala konkluderte med det ein alt visste: det var råd å leggja kabel, men det ville bli dyrt og det ville ta lang tid. Samstundes peika nokre av rapportane på alternative løysingar som å oppgradera eksisterande linjer, at det kan henda ikkje hasta fullt så mykje som det vart hevda og at det kunne vera nyttig å sjå på heile straumforsyninga på Vestlandet på nytt.

Men tid var noko regjeringa ikkje hadde. 1. mars 2011 var det ski-VM i Oslo. Midt under innspurten av 15

kilometer klassisk for menn, heldt olje- og energiminister Terje Riis-Johansen ein pressekonferanse nede i sentrum. Han hadde sett på rapportane, men meinte det ikkje var råd å venta.

«Enhver utsettelse svekker forsyningssikkerheten (...). Jeg ikke **gå på akkord med** kravene til sikker strømleveranse for Norges nest største by i årene framover», sa ministeren på pressekonferansen.

I mai 2011 tok arbeidet med å setja opp kraftlinja til for fullt. 92 kilometer med opp mot 42 meter høge master. Motstandarane kallar organisasjonen «Hardangeraksjonen».

DOKUMENTARFILM Februar 2016. Det er fullt av folk i kafeen i Filmens Hus i Oslo. Dei har nett vore og sett dokumentarfilmen «Kampen om fjordane». Han fylgjer den siste delen av kampen mot mastene, frå 2010 då konsesjonen for bygginga vart gjeven, gjennom den folkelege motstanden, det politiske spelet, høyringar, sivil ulydnad og rettsaker. Ikkje minst synar han kor mykje denne saka gjekk inn på dei grunneigarane som vart råka.

Det er tett mellom hardangerdialektane, folk er i godlynne og dei likte tydeleg det dei nett har sett. Midt i står regissør Vigdis Nielsen og smiler. Det vart akkurat den festkvelden ho hadde håpa på. Ho veit det ikkje enno, men seinare skal ho få publikumsprisen på heile Eurodok-festivalen.

Nielsen kjem sjølv frå Ulvik, men har budd andre stader heile sitt vaksne liv. Ho vart forundra då ho høyrd om den enorme kraftlinja dei ville byggja i fjella «hennar», og ho vart sint. Då konsesjonen kom i



Til arkivet: Statnett fotograferte alle som var med aksjonar mot den nye kraftlinja i Hardanger. Foto: Halldis Folkedal

2010, kom også den store folkelege motstanden. Ho såg at her kunne det vera ei historie å fortelja. Eit lokalsamfunn som står opp og vinn over ei statleg verksemid. Trass i at ho eigentleg heldt på med andre prosjekt og kjende at ho ikkje hadde tid til meir, sjekka ho litt om kven som dreiv og laga dokumentarfilm om dette. Men det var ingen. Jobben fell på henne.

– Eg trudde aldri at dei ville få bygd desse mastene. Eg var naiv, eg kom seint inn i det og byrja ikkje å filma før rett før det siste avgjerande konsesjonsvedtaket. Eg filma i Oslo under ski-VM, ein aksjon der besteforeldre og barn demonstrerte framføre Stortinget. Men alt då merka eg den merkelege stemninga. Folk frå departementet gjekk rundt og tok bilete av folk som berre sa i frå om kva dei meinte. Det var då eg forstod at dette var David mot Goliat, og at denne gongen ville ikkje David vinna, fortel Nielsen.

FRÅ NATURVERN

TIL POLITIKK Dei andre prosjekta måtte leggjast på is. I staden vart det fleire år der ho sprang rundt i fjella og dokumenterte motstanden mot bygginga. Det var knapt med pengar, og det er ikkje berre lett å laga film langt til fjells. Og det er ikkje alle filmfotografar som har like god kondisjon. Men til slutt kom ho i mål, og filmen hadde premiere i vinter. Nielsen meiner filmen har vorte eit dokument ikkje berre over ei konkret sak, men også for å syna at Staten køyrer over lokaldemokratiet.

– Utgangspunktet mitt var kan henda nostalgisk. Eg hadde ikkje budd i Ulvik på mange år, men eg kjende nærliken til fjella frå opp-

veksten min. Og eg veit at folk i fjorden er stolte over kvar dei kjem i frå. Dei er stolte av naturen, dei har teke godt vare på han, dei lever i han. Underveis endra dette seg. I staden for at filmen berre handla om akkurat denne saka, så såg eg at dette er eit ålment problem. Dette er naturvern, men også ein demokratisk kamp. Det er viktig at det finst andre stemmer enn Oslo og makta. Det er veldig krefter ein står opp mot. Ja, det vart ein veldig lokal og nasjonal entusiasme, men motstandaren Statnett har mykje pengar og ei stor kommunikasjonsavdeling. Slik prøver dei å vinna kampen. Dette er viktig å dokumentera i seg sjølv. Eg håpar verkeleg at NRK tek mot til seg og syner filmen, seier Nielsen.

Den sterkeste augneblinken var på eit informasjonsmøte der Statnett skulle leggja fram planane sine for grunneigarane i Ulvik. Nielsen hadde henta inn løye om filming på førehand, men då ho gjekk rundt og presenterte seg, ville representantane frå Statnett knapt ta henne i handa. I staden spurde dei grunneigarane om dei faktisk ville ha henne springande rundt med kamera. Statnett prøvde på fleire måtar å få stansa filminga, men grunneigarane sa ja til at ho kunne halda fram.

– Dette var veldig sterkt for meg. Då forstod eg kor mykje dette betydde, og korhardt mange hadde arbeidd med dette før eg kom inn i saka, seier Nielsen.

Filmen har vorte synt mange stader, og det som gler Nielsen mest, er at publikum tek poenget med at dette er noko større. Sjølv då filmen vart synt på ein filmfestival i Finland, var det tilskodarar som kunne kopla dette til utbygginga av atomkraftverk på den finske landsbygda.

– Det som sjokkerer meg, er haldninga eg vart møtt med. Eg vart avvist og fotografert, trass i at eg presenterte meg og fortalte om prosjektet. Filmen er til dels finansiert med offentlege pengar, eg hadde dei naudsynte papira på kva eg dreiv på med, men det var til lita hjelp. Eg fekk ikkje snakka med dei eg ville, men måtte i staden intervju ein i kommunikasjonsavdelinga. Verre var det sjølv sagt for grunneigarane og aksjonistane. Statnett brydde seg ikkje i det heile, dei snakka ikkje med nokon. Det var gjennomgåande. «Dei har ikkje vore og snakka med oss», sa alle. Ein ting var sjølve saka, men også om kvar det var smart å setja mastene eller korleis ein kunne ta best mogleg omsyn til dyreliv. Heilt uinteresserte. No har dei i ettertid hatt problem, med ising av linja og master som vart plasserte heilt feil og måtte bytast ut. Avstanden mellom makta og folka har vorte for stor, seier Nielsen.

KJENSLA AV Å BLI LURT Ein av dei som Statnett aldri snakka med, var Hans Uglenes, femte generasjon fruktbonde på Syse gard i Ulvik. I 2006 var han saman med kona Gro i full sving med å utvida gardsdrifta til også å inkludera gardsturisme.

Glansbiletet av Hardangerfjorden hadde gjort seg betre utan master, men Uglenes hadde tru på at det skulle ordna seg med sjøkabel. Så kom det brev om at ei eventuell kraftlinje ville gå rett ved stølen deira, Jonsstøl.

Uglenes hadde heller ikkje tru på at det skulle bli noko av. Stølen var freda, og reglane sa tydeleg i frå om at det ikkje var lov å byggja kraftlinjer så nær freda hus. Men då mastebygginga kom i gang, hadde ikkje Statnett endra planane. Dei bygde master heilt inn til stølen på både sider og bad om at Riksantikvaren gjorde ei ny vurdering.

– Me var på stølen då Riksantikvaren sjekka området. Statnett flaug han inn i helikopter, dei flaug over stølen. Riksantikvaren konkluderte så med at sidan dei var komne så langt med mastene og sidan Noreg desperat trøng straum, så ville han vika. Om eg hadde bygd ein wire same stad, så hadde eg ikkje kome ein meter før eg hadde vorte stogga. Men dei kunne berre køyra på. Det er kan henda slik spele-reglane er i politikken, men ein får ei kjensle av å bli lurt. Det tykkjer eg ikkje noko særlig om, seier Uglenes.

Kjensla av å ha vorte lurt var det ikkje berre han som hadde.

“ Om eg hadde bygd ein wire same stad, så hadde eg ikkje kome ein meter før eg hadde vorte stogga.

Hans Uglenes, fruktbonde i Ulvik



Politikk: – Det er kan henda slik spelereglane er i politikken, men ein får ei kjensle av å bli lurt, seier fruktbonde Hans Uglenes.

Då departementet gjekk med på å setja ned nokre utval som skulle vurdera ein sjökabel, såg mange på det som ein siger. Motstanden mot luftlinja hadde vakse seg sterkt, og det hadde vore store markeringar det siste året. Trua var stor på siger. Men så ignorerte departementet rapportane og heldt seg til den originale planen med master.

– Då gjekk det opp for folk. Det var bløff heile tida. Dei lurte oss heile tida. Dei la opp til eit taktisk spel. Og det er det spelet som gjer at ein mistar trua på politiske prosesser. For min del var det ein knekk i trua på politikarar og storsamfunnet. Eg var nok naiv i byrjinga, og trudde at det ville vera ein dialog mellom styresmaktene og oss. Men Statnett har nok ein arbeidsmåte som dei sikkert har hatt i lange tider, dei berre durar fram. Det er den same cowboy-utbygginga som på 70-talet. Dei durar på som dei vil utan å snakka med dei som blir råka. Dei skryt av at dei har ein god dialog, men det stemmer ikkje. Dei har kan henda ein god dialog med dei som er samde med Statnett, grunneigarar som får ein ny skogsveg eller noko. Men eg har ikkje hatt nokon dialog med dei.

Dei berre flaug opp tinga sine, sette opp mastene, og flaug vidare, seier Uglenes.

I filmen opnar Uglenes eit brev som seier han skal få 1000 kroner i erstatning for tapt jord. På den jorda står eit kjempemast på førti meter, «Hm. Eg trudde det ville vera meir», seier han stutt. Også han trekkjer fram informasjonsmøtet for grunneigarane som ein merkedag. Sidan mykje av den råka jorda er sameige, så måtte alle sameigarane skriva under på avtala med Statnett. Om ikkje alle skreiv under, vart det truga med mindre erstatning til alle.

– Eg vil aldri gløyma stemninga som var i det lokalet den kvelden. Det var heilt stilt. Det var ei sterke kjenste. Representanten frå Statnett messa fram om korleis og kvar dei skulle byggja, og alle berre sat og såg i bordet. Det var trist. Men fjellet står der, med og utan master, og det stoppar ikkje meg frå å vera der. Eg blir litt lei av å sjå på dei når eg sit på stolen, men livet går vidare, seier Uglenes og fortel at det berre er éin ting han ville ha gjort annleis.

– Eg ville ikkje ha skaffa meg advokat. Det var det ingen vits i. Det har jo sjølv sagt vore til hjelp, men det ville ha demonstrert kor lagt lø-



Sorg: – Eg plar seiia at aksjonane var ein sorgprosess, seier aksjonist Halldis Folkedal.

pet var. Det var avgjort på førehand, seier Uglenes.

SIVIL ULYDNAD Då den politiske prosessen enda med pressekonferansen under ski-VM i Oslo, gjekk motstanden ned i ein bylgjedal. Seks år med kamp hadde teke på. Nokon meinte ein måtte prøva å utnytta dei materielle goda ein kunne få frå kraftlinja, medan andre igjen meinte ein skulle kjempa til siste slutt. Ein annan motstand dukka opp: sivil ulydnad.

I stova heime hjå foreldra i Folkedal fortel systrene Halldis og Gudrun Folkedal ivrig om aksjonar og markeringar. Så ivrig at Halldis på eit tidspunkt må stoppa systera si.

– Du snakkar så fort!

– Ja, men eg snakkar fort, svara Gudrun.

– Me vart jo oppringde av ei som sa at Gudrun snakka så fort at ho ikkje forstod kva som vart sagt.

– Det var ein logoped frå Bergen som meinte eg måtte snakka mindre «nynorsk» som ho sa. Det ho eigentleg meinte, var vel at eg skulle snakka mindre brei dialekt, slik at det skulle verta enklare for folk å oppfatta poenga våre. For ho støtta jo sjølv sagt oss og ville at me skulle nå fram med bodskapen vår, seier Gudrun.

Ho fortel også at Statnett etter kvart forstod at språk var viktig.

– I starten kom all informasjon om utbygginga på bokmål. Men etter kvart forstod dei vel kva syn me hadde, at dei representerte Oslo og makta, og at avstanden til oss vart for stor. Så etter kvart byrja informasjonsbreva å koma på nynorsk, men då hadde det alt gått eit par år.

Dei hugsar også at optimismen var stor sommaren 2010. Særleg

mellom unge folk var det politiske engasjementet stort.

– Når så det politiske spelet slo inn, og t.d. Hordaland Ap endra standpunkt i ein eller annan politisk hestehandel, så mista mange trua på det politiske systemet. Det var nedverdigande for lokalsamfunnet. Vesle Granvin som vart dolka av store Oslo. Det er nesten bittert at dei ikkje berre droppa desse utvala. I 2010 var det jo tusenvis som var engasjerte og klare til å seiia i frå. Så politikarane visste kva dei gjorde då dei sette ned desse komiteane som skulle sjå nærmare på alternativet med sjökabel, seier Halldis.

IKKJE BERRE POPULÆRT Hardangeraksjonen organiserte fleire markeringar mot mastene, turar til fjells og punktmarkeringar. Systrene Folkedal var mellom dei ivrigaste. Det kom til eit skilje mellom dei som tykte slike aksjonar var bra, og dei som ikkje tykte noko om dei.

– Engasjementet vårt byrja med naturvern, men etter kvart vart det like viktig å syna ei misnøye, fortel Halldis.

– Det var ein kamp for lokaldemokratiet og om at sanninga om kva denne straumen eigentleg skulle brukast til, skulle koma fram. Jens Stoltenberg sa t.d. at gamleheimar i Bergen kunne risikera å vera utan straum om ikkje desse mastene vart bygde. Men dette handla om elektrifisering av Troll A-plattforma i Nordsjøen og ein storstilt krafteksport til utlandet. Heilt frå starten var det ei oppleving av at det var nokon som kom og tok seg til rette, og det var det nok grunneigarane som kjende mest på. Mostanden var nok blanda i hop, men det kom til

“ – Det var ein kamp for lokal-demokratiet og om at sanninga om kva denne straumen eigentleg skulle brukast til, skulle koma fram.

Halldis Folkedal



Sanninga: – Utgangspunktet var at me ikkje ville ha mastene i fjellet. Så vart det ein kamp om sanning, seier aksjonsleiar Gudrun Folkedal.

eit skilje då me gjekk til aksjonar og byrja med sivil ulydnad. Då var det folk som tok avstand og ikkje ville ha noko med det å gjera.

Gudrun merka denne motstanden.

– Det var nok folk som snakka stytg om oss bak ryggen vår. Me visste at me ikkje var populære hjá alle. Slike kampar splittar jo alltid. Somme meinte at dette var ein motstand mot det dei kalla eit «lovleg fatta vedtak». For andre var me heltar. Men ein må ikkje gløyma at dette var ein kamp som hadde vore driven i sju år før me byrja med aksjonar. Det er naturleg at nokre dett i frå. Folk blir utslitne. Det var ei folkerørslse, som så gjekk over til å bli ei eksklusiv aksjonsgruppe.

Eksklusiv er relativt, det var fleire hundre som var med på ein eller annan aksjon i løpet av dei tre åra aksjonane vara. Gudrun var den ivrigaste aksjonisten, hadde posisjonen som aksjonsleiar og var med på om lag femti markeringar.

– Det var heiltidsarbeid på eit tidspunkt. Eg var aksjonsleiar og arrangerte dei fleste aksjonane, med hjelp frå Anita Aalvik og Håvard Gjerde. Eg kjende det som eg hadde heile Hardangerfjorden på skuldrene mine. Det var altoppslukande.

Alvoret kom då arbeidet med mastene hadde kome til Granvin og Folkedal. Statnett skulle eigentleg seia i frå til grunneigarane om når dei skulle starta opp arbeidet, men det gjorde dei aldri. Ein dag kom dei heller kyrande med utstyr opp gjennom dalen. Gudrun gjekk etter.

– Eg gjekk opp på fjellet, og ei gravemaskin hadde starta arbeidet. Eg var heilt åleine, men sette meg ned og hindra dei i å gjera meir arbeid. Det gjekk eit par timer, og

eg byrja å gå heimetter for å eta middag. Då kom politiet, og eg kasta meg i grøfta for at dei ikkje skulle sjå meg. Så alt då hadde dei fått instruks om at dei skulle ta motstanden mot arbeidet med mastene seriøst.

Ingen av dei hadde tru på at det ville vera råd å stoppa mastene. Men dei ville at Statnett skulle merka at dette ikkje var greitt. Dei kalla seg kleggjar, små og irriterande som kan gje sviande stikk.

– Eg plar seia at det var ein sorgprosess, seier Halldis.

– Det var veldig mykje sinne, me var veldig lei oss. Me sa tidleg at me skulle kjempa til siste mast, og Granvin var sist ute. Sidan dei harddaste aksjonistane var frå Granvin, og me hadde aksjonert i Kvam, så kunne me ikkje gje oss når arbeidet kom heim hit. Me tenkte at kvart mastepunkt fortente ein aksjon. Det var jo også grunneigarar som seier det same, at det var ei sorg dei måtte gjennom. Så då hadde dei gjerne ein liten aksjon og ei markering på si jord. Om ikkje anna enn for å markera eit standpunkt.

Med aksjonar kjem reaksjonar. Politiet hadde fått instruks frå Politidirektoratet om å fjerna aksjonistane så fort som råd. Aktivistane vart «Hardangers most wanted» og ein kunne risikera å treffen på sivilt politi i Granvinsfjella. Temperaturen auka, og sjølv om tilhøvet mellom arbeidarane frå Kroatia som sette opp mastene og aktivistane var godt, så var ikkje sjefane deira samde. Politiet delte ut ferdselsforbod til alle dei trefte på i fjellet, alle vart fotograferte, DNA-prøvar vart tekne, Statnett ville saksøkja, og skuldingane hagla. Frank Aarebrot sa at det verka som om politiet oppførde seg som eit privat vaktselskap



Demokrati: – Dette er naturvern, men også ein demokratisk kamp, seier regis-sør Vigdis Nielsen.

for Statnett. Til og med ein av kamermanne på dokumentarfilmen fekk ferdselsforbod.

ARR Aksjonane fekk eit rettsleg etterspel. Dei vart dømde for å hindra arbeidet, med argument om at dei burde ha meldt frå til politiet før dei gjekk til sivil ulydnad. Ferdselsforboda politiet delte ut, har seinare vorte dømde ugyldige. Men ingen av dei angrar, men minnest heller humoren og dei absurdane situasjonane dei hamna i. Det viktigaste var likevel at dei gjorde noko.

– Det er ei god kjensle. Eg trur dei fleste som var med, er nøgde med at dei sa i frå, seier Gudrun.

– Utgangspunktet var at me ikkje ville ha mastene i fjellet. Så vart det ein kamp om sanning. Eg trur mest på at Statnett har tenkt å selja straum til utlandet. På sett og vis er det imponerande at me fekk så mykje merksemd som me gjorde. Me var berre nokre lokale folk som dreiv på. Ingen av dei store miljøvernorganisasjonane stilte opp, som dei gjer i Førde no. Så me kalla oss kommunikasjonsavdelinga i Hardangeraksjonen, sidan Statnett hadde ei svær kommunikasjonsavdeling. Og me knuste dei gong på gong.

Poenget vårt kom fram. Dei har gjort alle feil ein kan gjera. Ta Gro Aalvik, ein grunneigar og bonde frå Kvam. Ho var drittelei av måten Statnett oppførde seg på, og insistererte på at mastene på grunnen hennar var plasserte feil. Ho stilte seg opp på mastepunktet og vart henta vekk av politiet. Så har det synt seg i ettertid at dei faktisk var plasserte feil, og Statnett må no bruka fleirfaldige millionar på å flytta mastene, seier Gudrun.

Systrene seier at saka har sett spor.

– Det vart ei endring i trua på lokaldemokrati og me mista fort trua på prosessar, seier Halldis.

– Eg tenkjer det same om Førdefjorden no. Det kjem til å bli gruvedrift der. Det er uråd å stoppa. Likevel er det viktig å seia i frå.

Gudrun er samd.

– Og eg veit ikkje kva parti eg kan røysta på.

Vinteren 2013/2014 stod kraftlinja ferdig. Sommaren etter signerte Eidfjord kommune ein kontrakt med det Kristiansand-baserte selskapet NorthConnect. Dei skal etter planen leggja ein sjøkabel frå Sima-anlegget til Skottland.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

“ Me kalla oss kommunikasjonsavdelinga, sidan Statnett hadde ei svær kommunikasjonsavdeling. Og me knuste dei gong på gong.

Gudrun Folkedal

GUNNAR SKIRBEKK: Det er mogleg å elske nynorsk
grev nynorsken. Det er schizofrent. Men det er mo

Språkhistorie o

Ikkje alt er kjent. Derfor trengst det ein gjenomgang av nokre sentrale hendingar i norsk språkhistorie – ein ideologikritisk «arkeologi» (for å tale med Foucault). Det skal eg gjere ved å framheve fem hendingar som har vori avgjeraende for den norske språksituasjonen – fem hendingar som kvar på sitt vis er underkommuniserte i undervisningssamanheng og i det offentlege ordskiftet, fem hendingar i norsk språkhistorie som for mange er relativt ukjende og som berre sjeldan blir framheva og omtala på ein endefram måte. (i) Det gjeld språkparagrafane i Grunnlova av 4. november 1814, som uttrykk for statleg definisjonsmakt, med vidtrekkande implikasjoner. (ii) Det gjeld den stegvise fornorskninga av det danske skriftspråket, som først skaut fart lenge etter 1814. (iii) Det gjeld konfirmasjonsundervisninga ut frå Pontoppidans forklaring av Luthers katekisme, ei danskspråkleg disciplinering av all norsk ungdom i over 150 år, i statskyrkjeleg regi. (iv) Det gjeld marknadskreftene i bokbransjen på slutten av 1800-talet, då norske forfattarar i hopetal, Ibsen og Bjørnson medrekna, gav ut bøkene i København på dansk. (v) Og det gjeld Foreldreaksjonen (etter andre verdskrig) til fordel for dansknære former i språket, ein velorganisert og implikasjonsrik aksjon som reiser interessante spørsmål om organisering og finansiering og om bruk av sosial kapital og retorisk definisjonsmakt, men som aldri vart gjort til gjenstand for samfunnsvit-skapleg forsking – kvifor?

SPRÅKKUPPET I GRUNNLOVA

AV 4. NOVEMBER 1814 I den endelege versjonen av Grunnlova, som vart forhandla fram utpå hausten i 1814, er det fleire paragrafar som omtalar «det norske Sprog» (§§ 33, 47, 81). Det vart m.a. grunnlovsfesta at «Alle Love udfærdiges i det norske Sprog» (§ 81). Slik vart dansk definert som norsk. Eit språkleg «kupp», for å sitere historikaren Øystein Sørensen.

Dei gav seg ikkje med det: Denne språkbruken fekk støtte frå det nyopprettet Det Kongelige Frederiks Universitet (i 1815), der konklusjonen var klar, men merkeleg: Dansk i Danmark er dansk, men dansk i Noreg er norsk! Kvifor? Kva var argumentet? Det vart vist til at nordmenn i lang tid har brukt dette skriftspråket, og at nordmenn har vori med å utvikle det danske skriftspråket. Greitt nok (jf Ludvig Holberg). Men det same kan seiast om engelsk i Irland; men irane kallar ikkje engelsk for irsk når det blir brukt i Irland. Så her er det noko som ikkje stemmer.

“På den eine sida, unngå å kalle dansken dansk!
På den andre sida, hald dansken rein for norske innslag!
Unngå å fornorske dansken!

Kva var det som gjekk av dei? Kva var poenget med denne snodige definisjonen, dette «språkkuppet» i 1814? På politisk hald var det klare strategiske grunnar for å kalle språket i Grunnlova av 4. november 1814 for norsk: Unionen var no eit faktum, med Sverige som den sterke part. Då var det viktig å stå imot, også språkleg. Frå norsk side var det frykt for at svensk språk skulle erobre landet, dels som følgje av svenske ambisjonar og dels fordi mange norske dialektar står nærmare svensk enn dansk. Derfor var det viktig å grunnlovsfeste at lovspråket ikkje skulle vere svensk. Det var poenget. Ikkje svensk.

Men kvifor kunne dei ikkje kalle ein spade for ein spade? Kvifor ikkje kalle dansken dansk? Riksmålsaktivisten Finn-Erik Vinje formulerer det slik: «Etter begivenhetene i 1814 gikk det anstendigvis ikke an å snakke om dansk som ofisielt språk i Norge.»

Ettersom dei norske forhandlarane ikkje hadde eit norsk skriftspråk (gamalnorsk hadde ikkje vori i bruk på lang tid), valde dei å halde på dansk og kalle det norsk. Forståeleg nok, der og då.

Men dette språklege krumsspringet skulle bli implikasjonsrikt, heilt fram til vår tid. For denne definisjonen gir uttrykk for det dominerande synet i lang tid framover, enkelt sagt: Kall det norsk, og hald det dansk! På den eine sida, unngå å kalle dansken dansk! (Då heller nemningar som «Modersmalet» eller «vort almindelige Skrift- og Bogsprog».) På den andre sida, hald dansken rein for norske innslag! Unngå å fornorske dansken!

FORNORSKINGA AV DET DANSKE SKRIFTSPRÅKET – SÅ SEINT, OG SÅ NØDIG

Men det er ikkje slik språkhistoria til vanleg blir framstilt no i etertid, etter at dansken gradvis er blitt fornorsk. No i etertid blir dette avgjeraende tidspunktet i norsk språkhistorie som oftast omtala som om ønsket om å fornorske det danske skriftspråket var main stream, og at fornorskingsarbeidet kom i gang rimeleg kjapt etter 1814. Det blir gjerne vist til Henrik Wergeland og det han sa og gjorde tidleg på 1830-talet, og til Knud Knudsen noko seinare. I ei lærerbok i norsk for vidaregåande skule kan vi lese dette:

«De fleste var enige om at vi trengte et eget norsk språk etter frigjøringen fra Danmark. Spørsmålet var bare hvordan man best kom fram til dette nye språket. Det var særlig tre muligheter eller metoder som ble diskutert: 1. beholde dansk som skriftspråk i Norge, 2. fornorske det

k, og likevel – i god tru – føre ein politikk som undergleg. Politisk schizofreni er mogleg, her som elles.

og symbolmakt

danske skriftspråket over tid ved å ta inn norske ord og vendinger og skrive språket i samsvar med uttalen, 3. finne et nytt, norsk språk med utgangspunkt i gammelnorsk. Den første modellen ble avvist av de fleste, men de to andre dannede grunnlaget for det vi nå kaller den norske språkstriden.»

Når ein les slikt, kan ein få inntrykk av at det umiddelbart etter 1814 var brei semje om å fornorske det danske skriftspråket, og at vegen dermed var staka ut, fram mot noko i retning av det bokmålet vi har i dag. Men slik var det ikkje. Snarare tvert om. Det rådande synet støtta status quo, det å halde fram med dansk som skriftspråk. Dette var det dominante standpunktet etter 1814 og i lang tid framover.

I den samanhengen var Henrik Wergeland ein marginal figur. Det er folk som P. A. Munch som stod for det dominante synet: at dansken ikkje bør (og ikkje kan) fornorskast. Rett nok, på 1840- og 1850-talet kom Knud Knudsen (i konkurransen med Ivar Aasen og i opposisjon til P. A. Munch) med sitt «dansk-norske sprogstrev»: eit program for gradvis fornorskning. Rett nok, i 1862 vart skriftbiletet noko forenkla: f for ph, k for ch, hus for huus, li for lie. Og det vart slutt på fleirtalsbøyning av verb og stor forbokstav på substantiv, slik det også vart gjort i dansk og svensk. Men det var først ved rettskrivingsendringane i 1907 og 1917 at fornorskingsa av det danske skriftspråket skaut fart, og då under press frå landsmålet og målørsla som hadde stor framgang på slutten av 1800-talet og framover på 1900-talet.

Så seint som i 1899, same året som nemninga «riksmål» blir lansert, uttala Bjørnson at «Jeg ser det som et Gode, at vi deler Skriftspråk med Danskerne».

Skilmissa kom seint. Den første parallelle bokutgivinga av same bok, éi på dansk og éi på dansk-norsk, kom først i 1919, over hundre år etter 1814 og på terskelen til mellomkrigstida. Fornorskingsprosessen fram mot 1917-rettskrivinga hadde då fjerna «vort almindelige Skrift- og Bogspråk» så langt frå det danske skriftspråket at forlagsbransjen rekna dei to som to språk. Så seint, og så nødig.

DET UNIKE: FORNORSKING AV DANSK I 1814 stod vi framfor ulike strategiske val med tanke på skriftspråk: (i) Ein kunne halde fram med dansk. Å halde fram med koloniherrrens språk er ein velkjend strategi for tidlegare koloniar som er blitt sjølvstendige – fransk i Senegal og engelsk i Nigeria. I norsk samanheng var det endå meir nærlig-


“ Så seint som i 1899, same året som nemninga «riksmål» blir lansert, uttala Bjørnson at «Jeg ser det som et Gode, at vi deler Skriftspråk med Danskerne».

gjande, ettersom dansk er eit nærskyldt språk. Og som nemnt, etter 1814 og i lang tid framover var dette den dominante strategien. (ii) Ein kunne velje å gå tilbake til gammelnorsk. Prinsipielt var det mogleg. Israel valde å revitalisere hebraisk, eit urgammalt liturgisk språk. Og dei makta overgangen til ei moderne tid, med kjernefysikk og populærkultur. Men situasjonen for dei jødiske settlerane var heilt spesiell. Eit tilsvarende val var knapt realistisk i norsk samanheng (jamvel om ein kunne ha gjort felles sak med islandingane). (iii) Ein kunne ha valt å gå over til svensk. Unionen var eit faktum. Mange norske dialektar står svensken nær. Men, som nemnt, av politiske grunner var ikkje dette eit alternativ for den norske eliten. (iv) Så kunne ein ha valt å registrere og formulere eit moderne norsk skriftspråk ut frå norske dialektar. Ein tilsvarende strategi er vald i mange land, både i Europa og andre stader (t.d. færøysk, makedonsk og slovakisk). Og det var dette Ivar Aasen gjorde. Ingenting spesielt ved det. (v) Men så var det endå eit alternativ. Ein kunne gå inn for å fornorsk det danske skriftspråket, steg for steg. Og slik vart det, omsider. Men dette er spesielt, eit unikt prosjekt. Det finst ikkje makin. Ingen har tenkt tanken om å ukrainisere det russiske skriftspråket steg for steg, for så å kalle resultatet ukrainsk.

Det at eit skriftspråk gradvis kan forandras på denne måten, slik at det etter kvart blir eit nytt språk, er heilt eineståande. At denne strategien omsider vart vald og gjennomført, kan berre forklara ut frå eit sett av særegne vilkår – sosiale og politiske forhold så vel som forholdet mellom språka. Kort sagt, det er bokmålet som er det unvanlege og spesielle, ikkje nynorsken.

III KONFIRMASJON OG SPRÅKLEG DISIPLINERING I STATSKYRKJELEG REGI

På 1730-talet fekk Erik Pontoppidan i kongeleg oppdrag å skrive ei forklaring til Luthers katekisme, til bruk ved konfirmasjon. Boka Sandhed til Gudfrygtighed, med 759 spørsmål og svar, kom ut i 1737 og vart den mest brukte læreboka i Noreg i 150 år. Full tittel: Sandhed til Gudfrygtighed, udi en eenfoldig og efter Muelighed kort dog tilstrekkelig Forklaring over Sal. Doct. Morten Luthers Liden Catechismo, Indeholdende alt det, som den, der vil bli salig, har behov, at vide og gjøre. Pa Kongelig allernaadigst Befalning, til almindelig Brug. Dette var alvor: Den som ikkje kunne svare for seg under prestens eksaminasjon på kyrkjegolvets, med heile kyrkjelyden som tilhøyrar, måtte gå opp på



nytt. Den som ikkje vart konfirmert, kunne ikkje gifte seg. (Dette er før preventjonen.) Så her har vi disiplinering av folket, i statleg regi, med mange former for makt, frå stat og klasse til skam og seksualitet.

Men samtidig er dette ei opplæring i å lese. Og når folk tar til å lese, veit ein ikkje kva dei kan finne på å lese, og kva dei kan finne på å meine. I så måte er dette ei frigjering, ei kulturell modernisering, slik vi ser det hos haugianarane og dei andre folkelege rørslene utover på 1800-talet.

Obligatorisk konfirmasjon og Pontoppidans danske språklege forklaring, som skulle lærast ordrett – dette er viktige saker, også språkhistorisk: Her blir all norsk ungdom drilla og disiplinert i dansk språk, i skrift og tale, frå 1730-talet og i lang tid framover. Ei skilsetjande hending i norsk språkhistorie, men sjeldan omtala i den sammenhengen. Men så passar det heller ikkje inn i forteljinga om fri språkutvikling, utan statstvang og klassemakt.

IV MARKNADSMÅKT OG BØKER På 1800-talet var det fordelaktig for norske forfattarar å gi ut bøkene i Danmark. Det sikra eit større publikum og betre inntekter. Ifølgje den danske historikaren Ole Feldbæk var det så mange som 90 norske forfattarar som publiserte på danske forlag i perioden frå 1850 til 1890. Det omfatta «dei fire store», Ibsen, Bjørnson, Kjelland og Lie, men også Amalie Skram og mange andre.

Tilsvarande tal finn vi hos Jens Arup Seip, som dessutan siterer Nils Collett Vogt: «En bok trykt i forfatterens hjemland var i hine tider (i 1880-90-årene) et misfoster, dømt til å bli usolgt og ulest.» Seip legg til: «Først i mellomkrigstiden ble frigjøringen (som det vel kan kalles) fra Danmark fullbyrdet.»

Marknadskreftene var eintydige. Den som ville leve av å skrive, måtte skrive på dansk og publisere i Danmark. Dette er bakteppet då Bjørnson i 1899 formulerte seg slik: «Jeg holder det for et Gode, at vi deler Skriftspråk med Danskerne.» Ikke vanskeleg å forstå, gitt marknadskreftene. Men likevel ei påfallande utsegn, fordi det uttrykkeleg blir slått fast at det dominante skriftspråket i Noreg på den tida var dansk. Og det skjer same året som Bjørnson er med å lansere nemninga «riksmål» for dette skriftspråket, som symbolisk mottrekk mot landsmålet og målrørsla i sterkt framgang.

V FORELDREAKSJONEN FOR EIT DANSKNAERT SPRÅK På hausten 1949 kom ein vennekritis av foreldre i Oslo og Bærum saman for å protestere mot språket i lærebøkene – ikkje minst mot hokjønnsformer, som er vanlege i folkeleg tale, men ikkje finst på dansk. «Foreldrebevegelsen i sprogsaken» vart etablert. I 1951 slutta Riksmaalsforbundet seg til, og «Landskomiteen for Foreldreaksjonen mot samnorsk» vart oppretta. Foreldreaksjonen var aktiv på fleire plan og med stor effekt. Ein underskriftskampanje i 1953 gav

“ Obligatorisk konfirmasjon og Pontoppidans danske språklege forklaring, som skulle lærast ordrett – dette er viktige saker, også språkhistorisk: Her blir all norsk ungdom drilla og disiplinert i dansk språk, i skrift og tale, frå 1730-talet og i lang tid framover.

407 119 underskrifter. Same år vart det sett i verk ei «retting» av språket i lærebøkene. I forlenging av dette vart dei såkalla samnorskboekene brende på bål, 10–15 år etter andre verdskrig.


Foreldreaksjonen er eit interessant fenomen. Ikke fordi det fanst folk som meinte at fornorskinga hadde gått for langt. Ettersom det er slik at det danske skriftspråket gradvis vart fornorska, særleg ved rettskrivingsendringane i 1907 og 1917, er det forståeleg at det rår ulike syn på kor langt fornorskingsprosessane skal gå, og også med tanke på den sosiale forankringa for språknormeringa. Kulturstriden om nasjon og klasse er velkjend frå 1800-talet. Det interessante er dette: at riksmaalsaktivistane fekk så stort og så langvarig gjennomslag; at riksmaalsaktivistane ikkje innsåg (eller ikkje brydde seg om) at dei samtidig såra og stigmatiserte folk som bruker ord og former som riksmaalsaktivistane oppfatta som ufyllelege og vulgære; og at riksmaalsaktivistane ikkje ville (eller kunne) innsjå at det finst mange slags makt, ikkje berre i staten og hos dei folkevalde, men også i marknaden, i sosial status og i sosiale nettverk, og som definisjonsmakt.

Her er det mange interessante problemstillingar for samfunnsvitskapleg forsking: Korleis var aksjonen organisert? Korleis gjekk dei fram? Kva for sosial og yrkesmessig bakgrunn hadde aktørane? Kva for nettverk vart aktiverte? Kva med kontaktar overfor forlag, avisredaksjonar, institusjonar i kulturlivet og politiske parti? Kva med finansieringa? Når sentrale aktørar i næringslivet systematisk støtta publikasjonane til riksmaalsforbundet (Frisprog, Ordet), var det då berre av språkpolitiske grunner, eller var det også retta mot Arbeidarpartiet? Kva med symbolmakt i form av sosial kapital, definisjonsmakt og markering av sosial status? Og kva med retorikken?

Her skulle det vere nok å ta av for ivrige forskrarar i sosiologi og andre samfunnsvitskapar. Men nei – det finst knapt samfunnsvitskapleg forsking om Foreldreaksjonen. Merkeleg. Tenk på alle tema om sosial makt og fordekt diskriminering som det er blitt forska på i norsk samfunnsvitskap, stolpe opp og stolpe ned. Men ikkje dette. Kvifor?

Det interessante er at dette ikkje vart oppfatta som interessant. Dét er i seg sjølv eit utfordrande sosiologisk spørsmål, retta til samfunnsforskaran. Ikke nok med det: Det er makt i det å få agere i fred, få agere politisk utan å bli gjort til gjenstand for forsking, for offentleg tilgjengeleg forsking. Øverland kom trygt frå det, med sine retoriske krumspring, utan effektivt korrektiv. Foreldreaksjonen kom frå det meste, utan å bli gjort til gjenstand for samfunnsvitskapleg forsking. Også bokbrenning kunne passere, til og med som overlagd politisk handling femti år seinare. Kort sagt, dei kunne utøve retorisk definisjonsmakt utan forskingsbasert korrektiv. Kva inneber dette for oss i dag?

VI SPRÅKLEGE KRUMSPRING Det unike ved den norske språksituasjonen er den stegvise fornorskingsa av det danske skriftspråket. Det finst ikkje makan. Og dette er ein stridig prosess,



med spenningar heile vegen: Kor langt skal det nye skriftspråket fjerne seg frå dansk skriftspråk? Kva for sosiale grupper og kva for regionar bør få bestemme normeringa?

Men ordet «fornorsking» blir sjeldan brukt: I 2014 vart endringsframlegga av den danske skriftforma i Grunnlova omtala som «modernisering», ikkje som fornorsking. I eksamensoppgåver for vidaregåande skule blir det sagt at dansk-språklege tekstar av Ibsen, Bjørnson eller Skram er «tilrettelagt», eller «modernisert», ikkje at dei er fornorska. Og når forлага gir ut tekstar av dei same forfattarane, står det at tekstane er «moderniserte», ikkje at dei er fornorska. Men også danskanne kan «modernisere» dansk-språklege tekstar av Amalie Skram og Henrik Ibsen, eller av Ludvig Holberg og Peter Dass. Skilnaden er den at når vi «moderniserer» Holberg og Ibsen, er det samtidig ei fornorsking. Men nesten ingen talar om fornorsking i slike samanhengar. Kvifor? Kvifor denne vegringa mot å tale om fornorsking?

I si tid kjempa Arnulf Øverland mot det han hänleg kalla «nednorsking»: «Og husk på at 'bokmål' er ikke noget sprog, men en chikane, ... dette offentlige klovneri.» «Det er sinkenes babel ...» I den samanhengen siterer Øverland eit brev for å illustrere statens språktvang og «bokmålets» elende. Men dette er ikkje eit brev frå staten, men eit brev til staten, skrivi av ein (ikkje namngitt) privatperson som klagar på skatten (og som tydelegvis mislikar staten). Samtidig er det uklart korleis (og kvifor) nettopp Øverland har fått fatt i dette brevet. Kort sagt, litt å ta tak i, for ein retorikkanalyse!

Lars Roar Langslet skreiv eit festskrift for Riks-målsforbundet med tittelen «I kamp for norsk kultur» - ikkje «for norsk språk», rimeleg nok, for Riks-målsforbundet vart jo stifta til forsvar for eit dansknært språk, som reaksjon mot framgangen i norskdomsrørla. I dette festskriftet omtalar Langslet dette merkelege privatbrevet som «et of-fentlig 'skriv'» og Øverlands retoriske krumspring som «et agitatorisk mestergrep». «Bokmål og samnorsk ble heretter jevnbyrdige navn på det riks-målsbevegelsen bekjempet.»

Per Pettersson er ein forfattar med eit suverent språk, og eit levande bevis på at riks-målsaktivistane, med Øverland i brodden, tok skammeleg feil då dei stempla «bokmålet» som «ubrukbart» og «vulgært». Til påminning: Per Pettersson fekk Språklig samlings pris 1993, Oktoberprisen 1996, Brageprisen 2000 og 2008, Klassekampens litteraturpris 2003, Bokhandlarprisen 2003 og 2012, Kritikarprisen 2003 og 2008, Nordisk Råds litteraturpris 2009, Gyldendals litteraturpris 2013, Independent Foreign Fiction Prize 2006, Le Prix Littéraire Européenne Madeleine Zeppter 2006, Le Prix Mille Pages 2006, International IMPAC Dublin Literary Award 2007 og Prix des Lecteurs de Littérature Européenne 2007. Han er omsett til 50 språk.

Fram mot 2005 ivra riks-målsrørla for å få oppheva skiljet mellom kjerneformer og klammeformer i bokmålet. Målet var klart: Det måtte bli tillatt å bruke fleire dansknære former, t.d.

ved at alle norske hokjønnsord skulle kunne omgjerast til felleskjønn - «kuen», «huldrén», «merren», «hurpen», «våronnen», «på fyllen», «ta rotten på», etc. Men dette førte til at bokmålet fekk ei uhørveleg mengd med dobbeltformer. Paradoksalt nok. For tilhengarane av bokmål med dansknære former har alltid kjempa for ei stram norm. Og dei har kritisert nynorsken for å vere vanskeleg fordi det var for mange valfrie former (før 2012). Men etter frisleppet for dansknære former i bokmålet i 2005 er det bokmålet som formelt sett har fått eit vilt kaos av lovlege former. For eksempel, ta nynorsk-setninga: «ei lita jente kasta dokka si djupt ned i graset på framsida av løa der kua beita». Det er berre éin måte å skrive denne setninga på på nynorsk. Kor mange måtar på bokmål, formelt sett, etter fri-sleppet? Svar: to i trettande potens. Altså 8192 - åttetusen eitt hundre og nittito. Kort sagt, bokmålnormalen er i dag så vid at det opnar for eit vilt kaos. Det opnar for at bokmål kan framstå som to målformer: Kåre Willochs språk og Per Petterssons språk.

Derfor er det tilslorande når Trond Vernegg, formann i Riks-målsforbundet, i Klassekampen 21. april 2014 talar om «riks-mål/bokmål» som eitt harmonisk språkfellesskap. Så enkelt var det ikkje og så enkelt er det ikkje.

For bokmålet er det no to vegar å gå: anten å stramme inn på bokmålsnormalen, t.d. slik at vanlege hokjønnsformer – kua, øya, hytta etc. – blir éineformer, eller å skilje mellom «bokmål» og «bokmål med dansknære former», som to målformer.

Dessutan, det er mogleg å elske nynorsk, og likevel – i god tru – føre ein politikk som undergrev nynorsken. Det er schizofrent. Men det er mogleg. Politisk schizofreni er mogleg, her som elles. Men om Vernegg og Riks-målsforbundet verkeleg bryr seg om nynorsken som «en viktig del av vår kulturarv og kultur og viktig [...] for vårt samfunnsliv», bør dei ta seg bryet med å lese «Mellom nøytralitet og språksikring» av Eli Bjørhusdal, der det blir gitt grunnar for aktiv sikring av nynorsk – under føresetnad av at ein meiner at nynorsk er ein viktig del av vår kulturarv og kultur, og viktig for vårt samfunnsliv.

TIL SLUTT Og så, i ettertankens forsonande lys, kan det vere grunn til å ta innover seg at alle skandinaviske språk, i samtid og fortid, er våre språk, vi som er så heldige at vi får vekse opp i denne delen av verda, i denne tida. Det er alt vårt, frå Ibsen til Garborg, frå norrøne sagaer til Per Pettersson, frå Selma Lagerlöf og H.C. Andersen til Haldor Laxness og Piet Hein, og mangt meir. Takk for det.

GUNNAR SKIRBEKK

Teksten er henta frå Krise og medansvar. Politiske småtekstar. (Res Publica, 2016).

Det vart ikkje plass til ei lang rekke gode og utfyllande fotnotar. Dei kan de finne i boka, eller ved å leite opp artikkelen på nettet.

Dialektinntekt

Mange lokallag har tent gode pengar på å selje termometer med lokale ord og uttrykk. No er **Dialekttempen** i Kristiansand på jakt etter fleire lag å samarbeide med.

Det byrja med ein kjærleik til emalje og gamle skilt. Husnummer og reklameskilt av den gamle, gode sorten. Termometer var også råd å lage, og lokale verksemder tinga nokre med reklame på. Klassikaren, som framleis er i sal, vart laga til Agder Taxi med slagordet «Du ringer. Vi bringer.» Alt handlaga i Noreg.

Men i 2001, etter å ha halde på eit par år, snubla Kenneth Karlsson over gullåra: termometer med dialektord. Det fyrste vart laga med ord frå Flekkerøy utanfor Kristiansand, der selskapet held til. Brått var det ikkje 20 gradar ute, men «Laue sæ på tørbår». Dialekttempen var fødd.

Selskapet byrja så å leite etter nokon som kunne hjelpe dei med å finne dialektord for ulike stader i landet, og då var ikkje vegen lang til mållaga.

– Ein ting var å finne ord og uttrykk, seier Karlsson.

– Men snart vart det tydeleg at lokallaga også kunne hjelpe oss med distribusjonen lokalt. Det har gjort at mange lag har fått inntekter dei kan nytte på anna målarbeid.

– Er det berre mållag som har hjelpt dykk?

– Er det ein stad me har lyst til å lage eit termometer, spør me fyrst det lokale mållaget, om det då finst eit. Om mållaget av ein eller annan grunn ikkje er interessert, går me til eventuelle historielag. Om det heller ikkje fungerer, tek me kontakt med kommunen, og får tips om Ola, Per eller Nils, og då er me i gang. Slik kan me kome i gang utan hjelp frå noko lag. Men helst vil me samarbeide med lokale mållag.

“ Me er ikkje ute etter moderne ord eller nyare slangord. Dialekttempen skal ta vare på det gamle.



Gradestokk for Gloppen: I 2007 lanserte Gloppen Mållag den nye gradestokken. Fyrste opplaget var 50 stk. Sidan den gong er det selt heile 2350 gradestokkar. Med ein provisjon på om lag 70 kroner har det gjeve gode inntekter for lokal-laget. Styremedlemene i 2007 var frå venstre: Hege Lothe, Eli Eide, Olin Austrheim, Olin Johanne Henden og Leidulf Gloppestad. Foto: Sindre Humberset

»DIALEKTTOPEN AS

- Held til i Kristiansand
- Produserer emaljeprodukt
- Har så langt laga 300 000 termometer
- Utstrekkt samarbeid med lokale mållag

– Kva ord ser de etter?

– Me ute etter eldre ord og uttrykk, dei som vart nytta frå 1900 og frametter. Me har eit ynske om å ta vare på desse orda, å lære dei til dei oppveksande generasjonane. Me er ikkje ute etter moderne ord eller nyare slangord. Dialekttempen skal ta vare på det gamle.

– Kor mange ulike har de laga?

– Så langt har me 150 ulike dialekttermometer. Målet er å dekke heile landet, så me er veldig interesserte i å kome i kontakt med fleire mållag som har lyst til å prøve dette. Det er råd å sjekke på heimesida vår om det allereie finst ein dialekttemp for den aktuelle staden.

– Korleis er forretningssansen til lokallaga? Me hører jo om lag som er altfor smålåtna når dei tingar den fyrste sendinga.

– Me prøver heller å bremse laga litt. Det er ikkje alle lag som har kompetanse rundt dette med sal og marknad. Det er ikkje det dei brenn mest for. Då er det betre å bremse og heller tinge fleire seinare. Så me har stoppa lag som har villa ting store opplag, og me skjønar at det har teke litt av på planleggingsmøtet. Då er det betre å gå tom. Men mange lag er flinke og brått har ein selt 1500 termometer.

– Kvar sel laga dei?

– Det er mange måtar å gjere det på. Nokre sel direkte, eller får ein avtale med ein eller fleire butikkar, eller andre som fungerer som utsalstad. Det er også råd å gå på næringslivet eller på kom-

munen og høyre om dei vil ha å gje til dei tilsette eller som gaver. Alt dette er jo ting me gjev råd om når lokallag tek kontakt, eller me kjem i kontakt med dei. Lokalbutikkar er nok ganske vanleg, for me merkar at det er butikkar som tek kontakt med oss for å kjøpe direkte, men det går jo ikkje. Me er lojale mot lokallaga, så sant dei arbeider med sal og distribusjon.

– Det er ikkje mange som har dialekt som forretningside?

– Nei, og me fylgjer jo med på debattar. Me ser til dømes at det er mykje snakk om dialekt i Trysil, så der skulle me absolutt ha vore. For du ser at det engasjerer. Vennesla ligg ikkje langt i frå Kristiansand, men har framleis ein heilt annan dialekt, og det var artig å sjå at ungdomar er stolte av dialekten. Me prøver å få med oss det me greier.

– De har ikkje planar om å utvide sortimentet?

– Nja, me har nokre krus, og truleg kjem me til å starte med emaljekoppar. Men førebels har me meir enn nok med termometera. Det gjeld berre å finne fleire lokallag, seier Karlsson.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Leiar i Norsk Målungsdom



Studentmållaget i Tromsø inviterte i vinter alle medlemmane med på Mari Boine-konsert. Stor stas og høg stemning. (Foto: SmiT)

Studentmållag i Nordens Paris

Så langt har vi hatt eit strålende vårhalvår i Studentmållaget i Tromsø! Hovudtemaet vi har fokusert på så langt, har vore å få kontakt med det samiske ungdomsmiljøet i Tromsø. For å få til det sparka vi året i gang med ein kvisskveld med samisk tema, der vi serverte bidos og kosa oss med kviss saman med både nye og gamle andlet. Vi følgde opp samisktemaet med å invitere alle medlemmane våre med på Mari Boine-konsert på Samefolkets dag 6. februar, noko som førte til ei strålende flott konsertoppleveling, som også var eit godt

rekryteringsgrep. I ettermiddag fekk vi høre at det hadde gått rykte om kor godt tilbod SmiT hadde til medlemmane sine, og vi fekk vist fram både at vi finst og at vi jobbar mykje med samisk og anna språkmangfold i tillegg til nynorsk. Til årsmøtet vårt kontakta vi også nokre samiske ungdomsorganisasjonar for å høre om dei hadde forslag til det nye styret vårt, slik at vi kunne fremje eit betre samarbeid.

Elles syntest vi at den første konserten var ein så stor suksess, at vi likså godt inviterte medlemmane våre med på enda ein:

vinnaren av Norsk Målungsdoms dialektpris 2015, Daniel Kvammen. Det var også ein kjempefritt konsert, og etter konserten fekk vi helse på mannen sjølv, kjøpt litt «mørtsj» (som dei seier på sidemål) og tatt eit gruppebilete med Daniel Kvammen saman med den flotte SmiT-delegasjonen. Vi fekk til og med signatur på ei av våre flotte nye SmiT-t-skjorter. Som ei avslutting på vårhalvåret så langt har vi også kjøpt stilige nye jakkemerke, så vi kan vise oss fram i kvardagen. Vi i Studentmållaget i Tromsø håpar at resten av året går like bra!

SMiT

Hermetikk og målsak

I Målungsdomen har det lenge vore tradisjon for at eitt av studentmållaga ber dei andre studentmållaga heim til seg ein gong i året. Då er rammene litt lausare enn på dei nasjonale tilskipingane våre, og programmet er ofte meir tilpassa folk som har vore målungdomar ei stund. I år var det eitt av dei ferskare studentmållaga, Studentmållaget i Stavanger, sin tur til å vere vertskap. Den første helga i mars gav dei dei tjuefem frammøtte ei godt organisert helg med spanande innhold.

Etter å ha vorte teke godt i mot med natursti og Stavanger sin nye studentsong på fredag, starta laurdagen med ei innleiing av Roger Lockertsen. Han snakka om málstriden i dag, både den som er lett å sjå og den som er mindre synleg i kvardagen. Etterpå gav Bjørn Kvalsvik Nicolaysen ei reprise på eit foredrag han heldt på Dei nynorske festspela i 2014 om Ivar Aasen sine tankar

om demokrati og nasjonsbyggjing under tittelet «Nasjonen, demokratiet og tilgang til deltagking». Bæ foredragda skapte gode ordskifte som gjekk vidare rundt lunsjbordet.

Etter suppe og brødmat var det tid for å lufte hovudet. Turen gjekk til Hermetikkmuseet i Stavanger sentrum, der målungdomane fekk lære om den store industrien i Stavanger før olja, nemleg sardinproduksjon. Ein flink omvisar gjorde opplevelinga ekstra god, og mange kunne fortelje at dei aldri hadde trudd at sardiner var så interessant.

Før kveldsprogrammet med konsert og kviss på studenter-samfunnet Folken byrja, kom Dag Jørund Lønning for å halde den siste innleiinga for dagen. Han jobbar på Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, der han har jobba mykje med korleis ein kan skape samfunn der ein større del av folka er meir deltagande i det som skjer og vert bestemt enn i

dag. Jamvel om Lønning snakka om prosjekt han hadde drive i næringsslivet på Jæren, var problemstillingane svært relevante for oss. Meir ansvar til den einskilde og dialog framfor diskusjon var nokre av svara han gav på hovudsprøsmålet om korleis ein kan få folk til å vere meir deltagande.

Sundagen starta med ein litt seinare frukost, sidan mange hadde halde ut lenge kvelden før. Likevel var alle friske og raske då Ragnhild Sjurseike frå UiS kom for å snakke om språk som kulturarv. Spørsmålet hennar var: Er det mogleg og ynskjeleg å verne nynorsken? Både innleiinga og ordskiftet som fylgde, syntet at mange mente at å verne nynorsken kan skade meir enn det kan hjelpe. Verken den opne eller den skjulte málstriden vert løyst om ein jobbar for å hegne om nynorsken på dei felta han finst i dag, i staden for å jobbe for å utvide bruken av nynorsk.

KIRSTI LUNDE

Framtidas superlærar kan nynorsk!

I LØPET AV TIDA MI som lektorstudent ved Universitetet i Oslo har eg snakka med fleire medstudentar som er opne om at dei ikkje kan nynorsk, og som ikkje har hatt ambisjonar om å lære det heller. Dessverre har ikkje utdanninga hjelpt på problemet. Mange av dei er no norsk-lektorar og skal undervise i nynorsk anten som hovudmål eller side-mål. Det seier seg sjølv at det er uheldig for språkopplæringa i den norske skulen, men kven er det som har ansvaret for at studentane meistrar det dei ein gong skal undervise i?

NÅR STUDENTANE TEK TIL på høgare utdanning, ventar utdanningsinstitusjonane at dei kan både nynorsk og bokmål. Det skal dei ha lært på ungdomsskulen og på vidaregåande. Når dei byrjar på vidaregåande, ventar skulen at dei alle reie kan både nynorsk og bokmål ganske godt. Det skal dei ha lært på ungdomsskulen. Men kven er det som skal ha lært dei dette? Kanskje ein lærar som gjekk ut av lektorutdanninga utan å kunne nynorsk? Det heile vert ein vond sirkel som må løysast opp.

SJØLVSAKT ER DET MANGE lærarar som er flinke språklærarar, og som gjev elevane den oppplæringa dei bør få, men den manglande nynorskkompetansen blant lærarar er eit problem. Proba samfunnsanalyse slår fast i rapporten Undersøkelse av nynorsk som hovedmål at ordningane for nynorsk i lærarutdanningane er mangelfulle. No er nye forskrifter til rammeplanar for grunnskulelærarutdanninga ute på høyring, men dei vil ikkje gjere situasjonen betre. Dei opnar for å gje studentar ei rekje fritak frå vurdering i ei av dei to målformene dersom dei ikkje har hatt vurdering på vidaregåande. Rett nok kan ikkje lærarstudentar på 5.-10. trinn med norsk i fagkretsen få fritak, men ordninga kan få svært skadeflege fylgjer for elevane. Til dømes kan storskuleelvar i nynorskrområde få lærarar som ikkje kan nynorsk, trass i at dei har krav på å få sjå og nyte nynorsk i alle delar av undervisninga.

I ÅRET SOM KJEM, vil me jobbe mykje med nynorsk i lærarutdanninga. Me kan ikkje lenger sjå på at alle ledd i utdanningskjeda fråskriv seg ansvaret for å gjere det minste ein kan vente: at elevane og lærarstudentar i Noreg lærer mest mogleg norsk, og vert så trygge språkbrukarar som mogleg både i nynorsk og bokmål. Om dei tidlegare medstudentane mine skal få større språklege ambisjonar, er ikkje løysinga å krevje mindre av dei. Det er heller å krevje meir. Difor skal me i haust ha ein kampanje som syner kva som burde vere målet til kvar lærarutdanning i Noreg: Framtidas superlærar kan nynorsk!

Gåver til Noregs Mållag

Mellom 21. januar og 16. mars fekk Noregs Mållag **236 685** kroner i gåve. Me seier vyrdsamt hjarteleg tusen takk. Utan gåvene frå dykk ville ikkje stoda for nynorsken vore den same.

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Lars Aasbø
Birgit Attestog
Anne Bjørg Ausland
Torfinn Brokke
Telleif Engenes
Kristine Foss
Rolf Fredriksen
Johannes Havstad
Malmfrid N. Homme
Gunvor Lande
Jorunn Lande
Gunnar E. Lande
Jon Kolbjørn Lindset
Tarald Myrum
Sigrid Bjørg Ramse
Olav Riisland
Øystein Rød
Astrid Stuestøl Sandkjær
Hildegunn Sjø
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene

AUSTMANNALAGET

Ole Bjerke
Anders Bjørge
Eldrid Brandvol
Jostein Brenden
Per Brumillom
Ivar Bungum
Bjørn Dalen
Gunnar Eide
Ingvild Marie Eknes
Hans Enstad
Frode Erstad
Inger Lise Fiskvik
Ola Fjeldet
Tordis Irene Fosse
Ola Garmager
Kjell Gulbrandsen
Olav Haraldseid
Solfrid M. Harildstad
Magnhild Harsheim
Torill Heilevang
Pål Helle
Bjarte Hole
Lars Arne Høydal
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Anders Kirkeby
Ragnhild Kjorstad
Håvard Kleiven
Ola Klepp
Grete Langodden
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Mildrid J. Lunder
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Sigurd Nestande
Øyvind Nordli
Gerd Nyland
Hans M. Næss
Olaf Nøkleby
Jorgen Norstegard
Ellen Preststulen
Oddvar Romundset
Egil Skullerud
Arne I. Skåle
Nils Steinar Slapgård
Liv Solheim
Tor Stallvik
Reidun Ramse Sørensen

AUD SØYLAND

Gudmund Teigen
Ola Tronsmoen
Knut Tvete
Kai Valbjør
Bjørn Liavaag Visø
Svein Øye
